

## 17. mai

Av Per Sivle

So kom du daa atter, du sæle Dag;  
du er no vaar eigen, du!

Og alltid so kjem du med Vaar og Song  
og alltid med Liv og Tru.

Du stend der med Lauv-Krans, du  
Fridoms-Brud;

det lyser so friskt og klaart.

Og alt medan Kransen inkje vert gul,  
so veit me, at Noreg er vaart.



*Vårmotiv frå Leutasch i Tirol, Austerrike.*

### Me ynskjer god sumarlesnad med:

**Sudvesttysk kulturdag i Baden**

**Arkeofuturisme**

**Jeanne d'Arc, eit 600-årsminne**

**Jazz, rock og folkemusikk**

**Nordisk mytologi og Maya-kalendaren**

**Indoeuropeiske heltar**

**Tysk krimserie og fransk film**

#### I dette nummeret:

Olav Torheim	Den sudvesttyske kulturdagen	s. 2
Olav Torheim	Leidar	s. 3
Lars Bjarne Marøy	Norskt mål, kva er det?	s. 4
Saul Storås	The camp of the saints	s. 6
Johannes Ebert	Makt og politikk	s. 7
Olav Torheim	Guillaume Faye og arkeofuturismen	s. 8
Olav Torheim	Eit 600-årsminne for Jeanne d'Arc	s. 9
Lars Bjarne Marøy	Jazz er ikkje til å kimsa av	s. 10
Megan Leo	Hedningarna	s. 12
Ornella Winter	Musikkmeldingar frå Tyskland, Frankrike og Canada	s. 12
Runahild Haleygir	Ullr, himmelfaderen, og Njarthar, jord-mori	s. 14
Torwin v. Runenfrost	2012	s. 15
Stig Andresen	Herakles og Cuchullain, tvo indoeuropeiske heltar	s. 16
Olav Torheim	Krimserien Tatort	s. 19
Olav Torheim	17 gjentor	s. 20

## Den sudvesttyske kulturdagen

Av Olav Torheim

Laurdag 14. april var det tid for den årvisse sudvesttyske kulturdagen. Tilskipar var Junge Nationaldemokraten (Unge Nasjonaldemokratane). Dei unge nasjonaldemokratane synte fram gjevnadene sine innanfor både spelkunst, tonekunst og folkedans.

Alt då dei opna sette dei mælestaven for det som skulde koma: Dei nytta fanor, flagg og taktfaste slag då trommelgruppa kom fram på speltilet. Her var det Sebastian Råbiger som opna tilskipingi, med ein kveikjingstale til dei framømte um å standa vakt om gamal sedhevd og um levnadssettet vårt, og han minna um at levnadssett og samfundsstyring høyrer saman. Utan at ein lit på kva som er rett livsførsla og levesett kjem ein ikkje nokon veg når ein skal styra samfundet. Slik det hev vorte i dag må ein derimot arbeida med å høgja medvitet um det levnadssettet som me hev arva - det hev vorte til eit spursmål som gjeng rett inn i spursmålet um korleis samfundet vårt skal styrast

Dinæst gjekk programmet vidare, med milom anna oppvising i folkedans, korsong, tilkunst og framføring av både folkemusikk og klassisk musikk. Dagen hadde noko for alle, jamvel for dei minste. I det åføret høver det å hevja fram at tilhøyrarane var pliktrugne og lyduge: Alle dei 300 framømte ungdomane sat rolegt og fylgde med i heile den halvtimen då heksi Ragna hadde skodespel for borni med kosedyr og leikety.

Dei hevdvunne kledebunadene åt dei framømte synte at kulturdagen ikkje minst var ein dag for den meir "völkische" parten av den nasjonale rørsla. Det var mange fine og fargerike folkebunader og påfallande at det mest ikkje fanst Harrington-jakkor... Difor yverraska det ikkje at ein såg att sers mange frå kulturlaget Artgemeinschaft ved salsbordi under dagen, og der fekk ein billige bruksgreidor med lang sedhevd og bøker um levnadssett, saga og samfundsstyring.

Det mest kunnskapsrike påfyllet under dagen stod milom anna målsmannen frå Meck-



*Barneheksi Ragna fekk åtgaum frå både små og store.*

lenburg-Vorpommern til tinget for lydveldet av dei tyske statane, Udo Pastörs, for.

Pastörs tok ordet med yverskrifti "Ættledene frå 1968 og det åndlause verdsbilætet deira". Han kunde fortelja um åtfinningsteorien til Horkheimer og Frankfurterskolen. Etter Pastör sitt syn hev mektige krefter i etterkrigstidi arbeidt for å gjera Tyskland veikt, og Frankfurterskolen hev skote til denne lina med å bryta ned viktige verdiar knytte til levnadssettet, slik at det vert mest uråd å gjera nedbrytingi um inkje:

Åtfinningsteorien til Frankfurterskolen gjeng ut på å løysa opp dei grunnleggande mynsterdragi i det europeiska samfundet, knytte til huslyden og makti åt dei hevdbundne verdiane våre, og byta deim ut med det som endar upp i ei verdsleg og åndelaus nytetenkjing, der ein tenkjer at alle menneske kjem til å vera lukkelege, berre dei hev nok tinggreidor og velstand. Når ein bryt ned dei beranda mynsterdragi i det hevdvunne samfundet, og prentar fast denne tingleggjerande verd-såskodingi i folkesetnaden, vert folket tappa for



*Udo Pastörs tek fyre seg den ideologiske arven etter 1968-generasjonen.*

skapande krafter.

Pastörs sitt fyredrag var glitrande. I den eine augneblinken var han den gjennomtenkte og lærde granskaren, i den næste var han samfundsstøtte og folketalar slik dei fleste framleis kjenner honom best. Den fyre gongen eg høyrde Pastörs tala var på eit politisk møte i Sverige i 2010, og under den tilskipingi tykte eg at han hadde alt for mykje han vilde ha sagt på ein engelsk som han ikkje meistra til fullnads. Denne gongen kom han derimot verkelegt til sin rett!

Kvelden vart avslutta med konsert av musikkgruppa Projekt Aaskereia, og med open folkedans der kvar og ein av dei framømte hadde høve til å få svinga seg etter ein lang dag med tett program.



*Projekt Aaskereia avslutta programmet for dagen.*

**Hev du fortalt vener og kjende um Målmannen?**

<http://maalmannen.sabandet.no>

Me vil gje deg:

Den beste lesnaden. På det beste målet.

## Leidar

Av Olav Torheim og Lars Bjarne Marøy

Korleis kann ein nå ut med høgnorskbodskapen i dag?

Med mediesituasjonen hev det dei seinaste åri gjenge både upp og ned:

Frå 2006 til 2009 hadde Målmannen sin eigen blogg der me var svært verke same, og mykje av tingargjenomstrøymingi til papirutgåva kom gjennom den millom-menneskelege samferdsla på netutgåva. På denne tidi var blogging stort, og tenestor som Twingly gjorde det mogleg å ytra seg um dagnære saker og få lesarar som fylgde nyhendesaker på VG og Dagbladet.

Men so hende det noko: Dei store avisone kutta ut Twingly. Ein fær minstemåls-blogging som Twitter, der ein ikkje kann ytra seg med meir enn 145 teikn - og det vert vanskeleg å leggja fram ei tankeføring, ein skal heller senda ut peikarar til stykke som andre hev skrive.

Facebook eller andletsboki på norsk eggja mange til å ytra seg um mykje. Kvar gong det dukka upp ei sak som engasjerte, kunde grupper av typen "Me som er imot ditt eller datt" nå ein sprengjande vekst. Dei som var med i ei gruppa kunde byda med andre, og i kvar gruppa var det ei eigi ordskittegrappa.

Men osso dette vert det slutt på. Det vert nye grupper der ein ikkje lenger vert innbyden, men der einast vedstyrarar kann leggja andre til, og der det ikkje lenger er noko eige felt for dei som vil orskiftast.

I staden for blogging freistar den hevdvunne pressa å innføra nye møtestader på verdsveven, slike som til dømes Verdidebatt og Nye Meninger.

Etter 22. juli er bloggar stengde, og det hev vorte strengare yversyn med netavisor og kva slags bladstykkje ein kann orskiftast um.

Det vart sagt at verdsveven og millom-menneskelege møtestader på verdsveven skulde snu um på alt, men dei seinaste åri er det likt til at den hevdvunne pressa hev vunne att kontrollen. Ei stutt tid skapte dei nye møtestadene og utgjevingsstadene ei ny stoda som den hevdvunne pressa ikkje hadde taket på eller yversyn med, men sidan den tid hev dei måta seg etter den nye stoda og sytt for å stengja att det vidauga som opna seg. Opningi hev skrokna nedetter, jamvel um ho ikkje er heilt burte, er det vanskelegare å koma til enn det var.

Det hev vorte færre som kjøper laussal-savisor når dei vil ha med seg siste nytt - det finn ein på internett. Soleides hev laussal-savisor som Dagbladet og VG stupt. Derimot hev det vore framgang for vikeavisor som kjem med bakgrunnstoff og eigne djuptgangande analysar - som med Morgenbladet og Dag Og Tid. For midt i det daglege maset

med stødt nye kjendisskandalor og andre ikkje-nyhende er det dei som verkeleg hev noko å fortelja um som vert meir meningsfulle.

I vår tid hev trui på papirutgåvor og bøker vore dalande. Ungdomar hev vorte fortalde at dei skal nytta data til skrivning og lesing. Det vert sett inn arbeid på å få til løysingar på data for at ein skal spara pengar. Telefonkatalogen hev vorte burte, lønssleppar, sjølvmeldingi og kva det no skal vera skal yver på data. Trui på at nettbladi og oppslag på nettet er fram-tidi hev vore sterk.

Det same ser ein i pressa. Arbeidet med nettbladi hev gjenge framfyre. Kva vinn ein so på å vera på verdsveven? Me hev ikkje sett oss grunnleggjande inn i kva dei store bladi tener på å vera på verdsveven, men det er truleg tilværeretten og høve til å vera meingststyrande som er viktigast. utan at dei hevdvunne bladi er på verdsveven vil dei nok tapa endå meir oppslutnad når det kjem til papirutgåvone. Sambandet med moglege tingarar eller kjøparar av papirutgåva er alltid viktig.

Kor som er, papirbladi hev fyremunar som ein ikkje ikkje kjem utanum. Med ei papirutgjeving av Dagbladet eller Klassekampen hev du fleire titals sidor å bladi. Leseforskning skal ha vist at det er ein stor fyremun å lesa på papir framfyre å lesa på data. Teksti er meir stabil og lettare å halda styring med. Ein kann òg lett skifta millom bladstykki med skifterike emne og med stort umfang. På nettet må alt styttast ned og leggjast til rettes. Ein kann fylgja peikarar, men ikkje hoppa 30 sidor fram i dagsens avis, då må ein klikka og klikka og rulla nedover skjermen. Ein kann heller ikkje riva ut sidone frå nettet og hengja deim upp på veggen. Utskrifter kostar pengar og mange hev datamaskinor, men færre held seg med skrivarar med uavgrensa utskriftsmengd. Bladsidone er billige og ein kann riva deim ut og fargeleggja deim etter som ein vil.

Lenkerôte er ei onnor sida ved verdsveven som ikkje kjem til sin rett. Vevstader kann stengjast, leggjast ned eller vera ute av drift. Men jamvel innarbeidde blad eller andre utgjevarar tek burt eller mister stoff som hev vore kjend millom nettbrukarane yver lang tid. Bøker og blad kann verta burte, men dei finst i mange utgåvor og må øydeleggjast reint lekamlegt - rivast sunde, brennast eller stelast. Det som ligg på verdsveven kann rett og slett verta utilgjengeleg av hververk frå datanokarar, vevtenarar (serverar) som forsvinn eller av at upphavskjelda fær eit samanbrot i datasystemet sitt.

Data og verdsveven var meint å vera til fyremun for dei som vil lagra og verna um kunnskapar og nyhende, men det er ikkje so lett. Den som vil lagra og spreida kunnskapar og nyhende på nettet må halda seg i framgrunnen av det nye som kjem og taka vare på det dei vil ha lagra på ei rad ulike måtar. Ulempa med papir er at det tek mykje plass. ulempa med datalagring er at ein må samla mykje på stader der det er ubrukeleg utan straum og nettilgang, og passa på at det ikkje vert burte eller util-

# Målmannen

**Utgjevar:**  
Samorganet Målmannen

**Tilskrift:**  
Målmannen  
Njårds veg 10  
2214 Kongsvinger

**Bladstyrar:**  
**Olav Torheim**  
Epost: olaveth@gmail.com  
Tlf: 004917632346964  
Skype: fivreltd25

**Netstad:**  
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktør-plakaten!*

gjengeleg.

Å tryggja seg mot brann er lett. Å tryggja seg mot fārone med databruk og nettbbruk, er ei heilt onnor sak. Spreiding av kunnskapar og nyhende hev vorte utrygt. Når ein tek med i reknestykkjet at verdsveven gjer livet utrygt for dei som ynskjer å ha einereitt eller iallfall fyrsteretten på å spreida kunnskapar og nyhende, kjem ein til at det er mykje som er utrygt. Det kann sjå ut til at den innarbeidde pressa svarar med å gjera det ho er best til: samla og binda upp til seg det som er av folk som vil ytra seg. På same tid let det til at dei som fær styra med verdsveven freistar å få folk til å reindyrka ufårlege eller personlege og private syslar på verdsveven, medan den offisielle og fårlege samfundskritikken helst skal haldast på armlengds fråstand. Facebook skal vera for folket, medan eliten og dei som vil påverka eliten må halda seg til tunge presseorgan.

Målmannen er eit papirblad. Det høyrer til tilværeretten vår. Jamt yver når me langt fleire gjennom papirutgåva enn gjennom verdsveven, jamvel um det hev vore tider der me hev sett undantak for dette, so er det ikkje tvil um at eit blad som gjeng yver mange år veg tyngre enn flyktige innspel og utspel på nettet. Me held det gåande avdi me hev hug til å dyrka det norske målet. Det er ikkje noko som kverv med umskifti og bårdragi på verdsveven. Me vil vera som ei klippa i havet.

Sank ein tingar til  
**Målmannen!**

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

**Høgnorsk**  
Når berre det beste  
er godt nok:  
<http://sambandet.no/ordlista>  
<http://sambandet.no/grammatikk>

# Norskt mål, kva er det?

Av Lars Bjarne Marøy

Korleis kann ein forstå seg på kva som er norsk mål? Kva skal til for at ein skal læra seg målet og å læra andre upp i kva som er godt mål, god målbruk og viktige sidor ved språk, levnadssett og samfund? Korleis lærer ein folk å skriva god norsk og å bruka godt norsk mål munnleg? Dette er store spursmål.

Nokre tenkjer seg at norsk språk er noko som alle hev greida på. Ein slump målfolk meinte i si tid at små born var meistarar i målbruk. Det er mogleg at små born er meistarar i å læra seg mål på ein fordomsfri måte, men derifrå til å tru at det er råd verkeleg å verta klok på kva språk er og i dette tilfelle kva norsk mål og målbruk er – det er ein nokso drjvg veg.

I norsk målstrid vert det ofte snakk um grammatikk og bokstavstrid. På den andre sida vert det lagt lite vekt på stillæra, litteraturforståing og saga. Det finst jamvel grunn til å granska målet innanfor mange faggreiner. Fagmålsgenren er ei sak for seg både når det gjeld ord, uttrykk og setningsbygning og tekstskriving. Attåt er det eit heilt emne å forstå seg på korleis tekster vert oppfatta av dei som les og granskar deim. Den kognitive psykologien, tekstlingvistikken og andre fagumkverve hev enno mykje å læra oss.

Dersom me held oss til korleis born lærer seg mål og målbruk, må ein skilja millom det som skjer utan serlege innføringar eller tilretteleggjingar, og det som vert gjort med gjennomtanke. Barnehagar, fyrrskular og skular hev sine framgangsmåtar. Det er ikkje naudsynt å gå inn på einskildsaker i so måte. Ein kann halda seg til nokre yverordna grunnsetningar.

Ein kann starta med born og sjå korleis born kann læra seg eit mål, so kann ein gå vidare og sjå korleis folk lærer seg mål og målbruk på ulike umkverve. Det som er mest interessent er kannhenda korleis ulike fagsamansetjingar kann få folk til å ha eit særskild syn på mål og målbruk. På universitet og høgskular er det ofte klåre skilje millom fakultet, institutt og innerter på institutti. I norskfaget er det vel slik at ein i hovudsak kunde tala um tri tilnærmingar. Dei som driv med grammatikk og dei som driv med tekster og dei som driv med saga innanfor ulike faglege tilnærmingar. Det er naturleg nok ikkje visst at alle vilde vera samde i ei slik inndeling, men eg trur ho er brukande.

Elles kann ein vel òg snakka um ulike måtar å tolka tekster på. Det er ikkje berre i norskfaget ein tolkar tekster. Det er heller ikkje berre i norskfaget at ein driv med grammatikk. Det finst andre språkfag, og det finst andre fag der tekster og byggjesteinar frå grammatikken kann koma sterkt med i det faglege arbeidet. Elles hev språket ei tilknytning både til den ein-



skilde målbrukaren og til samfundet kring målbrukaren. Slik sett vert fag som psykologi og sosiologi snart sentrale. Men det er serleg samfundsfagi som hev gjort seg gjeldande i språkdelen av norskfaget. Innanfor den litterære tolkingi stend vel derimot psykolanalysen sterkt. Kor som er, faggrensone kann vert a drivande når ein kjem upp på høgt nivå, og forskarar kann ha gode kunnskarar innanfor fleire fag og fagemne.

Derrida, Bourdieu og Habermas er namn som snøgt kann bikka millom faggrensor og vera med på å dana skule for korleis ein skal arbeida med å leggja upp ymse delar av faget. Byggjetilfang frå sogefaget kann slå inn når ein skal arbeida med delar av norskfaget. Det er til dømes ein gamal sedvane i faget som hev sete att frå den historisk-biografisk metoden - at ein gjerne legg upp faglege inndelingar utfrå kronologi, kjeldekritikk og gransking av einskildpersonar. Nyare litteraturteori som til dømes Derridas dekonstruksjon gjer at slike gamle måtar å setja i hop viktige sidor ved faget vert sette noko til sides og nye tilnærmingar hev vakse fram.

## Er grammatikk viktigaste i målupplæringi?

Kor som er, um ein tek til med born kann ein vel slå fast at dei lærer seg mål nokso snøgt gjennom å studera målbruken til vaksne. Dei hermar dei vaksne Det gjeng ikkje mange åri fyre oppbygningen i målet sit etter måten godt. Ein veit kva som er godtakande å segja og kva som ikkje er godtakande å segja. Ein vert ikkje utlærd, men jamfører me kor vandslegt det er å læra seg framande språk når ein vert eldre, so kjem borni godt ut.

So kann ein alltid segja at det er morsmålet som glid lettast, men born kann læra seg ei rad språk i ung alder, so at morsmålet skulde vera lettare å læra og at mål nummer tvo skulde vera vandslegare – det er det ikkje so beinkløyvt å segja. Det finst nok av døme på både målsamfund og born som hev vore tvospråklege i ung alder og som hev greidt å halda på eitt eller fleire mål vidare i livet. På den andre sida er det vel vanlegare at mange berre lærer seg eitt mål. Men igjen kann ein

verta lura, for målbruken kann vera umskiftelig. Sosiolingvistikken hev studert avvik i målbruken til den einskilde millom anna utfrå millommenneskelege hopelag, og den viser at det kann vera etter måten store avvik i talesettet til den einskilde ut frå kven han talar med.

Sjølve språket som oppbygning er iallfall noko ein kann læra seg, men born lærer ikkje formell grammatikk. Dei lærer ved hjelp av naturmetoden. Det er dei færreste – um enn noko barn i det heile - som set seg til å lesa grammatikk fyre dei kjem til skulen. Der hev dei måtta læra skilnaden på språkljodar og skriftmålet, men i periodar vart LTG-metoden (Læring på talemålets grunn) nytta. Det førde truleg med seg at borni mista noko av evna til å sjå skilnaden millom tale og skrift. Born må òg til ein viss grad læra seg kva setningar som er godtakande fyrst i talemålet og seinare i skriftmålet og kva som ikkje er godt talemål og skriftmål, men det kann vera stor skilnad i evna til å ordleggja seg godt.

Grammatikk-modellen som ein kunde tru var den viktigaste, let soleis til å vera vanskeleg å nytta til å forklåra korleis born lærer seg språk. Formelle kunnskarar i grammatikk kann neppe vera utslagsgjevande for at ein vert ein dugande språkbrukar i ung alder. Men den kann kannhenda nyttast seinare? Språket vert iallfall lært gjennom røyngleg og daglegdags målbruk heime i huslyden og ute millom andre born. Skriftmålsupplæringi må i all fall til ein viss mun føra med seg at borni lærer seg noko um avstanden millom tale og skrift, men likevel er det enno mange einskildlekkar som peikar mot at naturmetoden spelar inn jamvel i denne læringstidi.

## Er tekstar det viktigaste når ein skal læra born språk i skulen?

Grammatikk er ikkje like viktig for alle som arbeider med språk. Det mest handfaste som alle med fagkunnskarar kjem burt i er at ein skal lesa tekster og finna fram til korleis tekstene vil nå fram og når fram til ein. Det som vert sagt gjennom tekstene skal leggjust ut og tolkast og ikkje minst forståast. Det er vel òg slik at det er ein samanheng millom å kunna ordleggja seg godt og samanhengande i daglegmålet og å lukkast med å lesa og skriva lange tekster.

Ein kann vanskeleg avvisa at gode lesekunnskarar og mykje lesing gjer språkbrukarar meir lærde og betre i stand til å læra meir. Det treng naturleg nok ikkje å vera ein samanheng millom mykje lesing og å verta god til å læra seg språk, men det er heller ikkje slik at det ikkje er nokon samanheng millom å nytta språket godt og å ha lese mykje. Les ein mykje

er det ein stor sjanse for å lukkast med å ha eit godt talemål og eit godt skriftmål. Skal ein verta ein dugande språkbrukar, må ein lesa mykje. Det er som med andre gjeremål: godt arbeid og mykje arbeid gjeng hand i hand. Ein må ha nokre gjevnader, men for at ein skal lukkast må ein likevel arbeida hardt.

Kva er det so ein lærer seg gjennom å lesa tekster? Ein kann nok granska dette reint språkteknisk, jamvel um språkbrukarane ikkje tenkjer yver kva dei lærer av å bruka språket i praksis, so kann språktamen testast, og den vert testa. Kor god ein er til å lesa kann mælast gjennom formelle testar og gjennom at ein skriv tekster.

Det som derimot fløker det til er at dei som skal verdsetja tekster kann ha ulike tilnærmingar til korleis desse tekstene skal vurderast. Ein kann jamvel ha ulike meiningar um kva som er viktig i tekster i det store og det heile. Er det viktig å nytta rett ortografi i alle samanhengar, bøygingssendingar og setningsbyggnad? Eller er innhaldet viktigare? Er tekstkunnskap viktig? Naturlegvis vil målet vera at alt skal falla på plass, men alt kann ikkje granskast og arbeidast med på ein gong.

Fyremålet med tekster og innhaldet i tekster stend upp mot den språklege utformingi av tekster. Det finst mange typar tekster. Det som ein gjerne fyrst vert innført i i barneåri er praktisk målbruk og samansette tekster. Desse samansette tekstene som kann vera film som i barnetv eller andre framstillingar er vel i mange tilfelle prega av enkle setningar, stemningsskapande byggesetinar knytte til musikk og røystebruk og at ein nyttar rim, regglar, songar og handfaste forteljingar.

Skjønnlitteratur er ikkje nok, jamvel i ung alder må ein møta fagprosaen. Det er denne genren som gjer det mogleg å læra noko gjennom ettertanke yver den røynelege verdi. Born høyrer til dømes nyhendessendingar og tenkjer yver det dei høyrer og spyrr dei vaksne. Når ein les og høyrer, lærer ein seg til dømes det ein i retorikken kallar tropar og figurar. Tropar stend for symbol eller biletspråklege vendingar. Figurane er ulike måtar å ordleggja seg på gjennom den måten ein set saman ytringar, setningar og lange periodar og avsnitt. Eller sagt på ein stuttare måte; ein lærer seg fyrst setningsbyggnad og talemåtar. Det tek lang tid å læra seg at ord kann vera fleirtydige.

Ein dugande målbrukar lærer seg ikkje minst korleis ulike ytringar kann nyttast i kommunikasjon. Det er noko som ein treng å få med seg um ein kjem til utlandet òg. Einfelde ytringar som segjer noko um kva ein meiner og kva ein vil uppnå.

### Kvifor skal ein læra språk?

Her kjem ein unekteleg til eit hovudpunkt. Kva er det den enskilde språkbrukaren vil læra seg. Kva fag eller emne er det som er viktige for

vedkomande? For sume er sportsidone det viktigaste ein kjem til å lesa i all framtid, for andre er det dataspel som stend høgast i kurs, og det kann vera stor skilnad millom å vera forviten etter realfag og å vera interessert i humanistiske fag.

Skal ein forstå seg på språk, kann det kor som er vera verd å kunna noko um andre fag. Semantikken lærer oss at samanhengar i tekst ikkje treng å vera fylgjestreng utifrå ein slags formallogikk. Det høyrer med til kunnskapane i eit mål at ein kann greida å setja saman ord som hev ein tydingssamheng. Desse tydingssamhengane kann vera uråd å få med seg um ein ikkje kjenner ei ovring. Mange av dei vert nok likevel tekne for gjevne.

Skulde ein gjera absolutt alle tydingskoplingar likeframme (eksplisitte), vilde ikkje språkbruken verka naturleg. På den andre sida er det rom for å tolka til dømes dikt på ulike måtar. Det er heile meiningi med mange skjønnlitterære og andre ytringar at dei skal kunna tolkast på ulike måtar. Dei er med på å gjeva oss innsyn i korleis me brukar språket og lærer oss å bruka språket på nye måtar.

Innanfor litteraturfaget kann ein vel av og til få inntrykk av at sogedelen stengjer av for nye tilnærmingar. Norskfaget hev i mange år vore sterkt kopla til norsk litteratur, medan europeisk og verdslitteratur ikkje hev kome til sin rett innanfor norskfaget. Norskfaget hev vorte eit fag som hev stengt seg av frå ei breid tilnærming til verdi ikring oss.

Jamvel um ein syslar med norsk språk, vil ikkje det segja at ein ikkje skal kunna henta inn litteratur frå andre land og andre tider og lesa desse med interessa. Det let til å vera ein vanske at litteraturvitarar på høgt nivå taper seg burt i litterære teoriar, medan historikarar ikkje ser ut til å vera serlegt opplærde i litteraturteori. Koplingi millom å vera historikar og å kunna litteraturteori på høgt nivå burde vera ei upplagt kopling i mange tilfelle. Norsk og historie er fag som heng saman. På den andre sida verkar det som at det er sjeldsynt at ein verkeleg møter freistnader på å finna møtepunkt millom sogefaget og litteraturfaget. Det let til å vera tvo skular for seg.

Det er på sett og vis upplagt at ein historikar må ha eit breidare syn på kva som skal tematiserast og vender seg meir mot røynelege samfund og fakta som ein kann henta ut frå saga, medan ein litteraturvitar på sett og vis vender seg mot teori og ytringar og ovringar som tek upp oppdikta litteratur. Dette gjeng kort og godt ikkje godt i hop. Medan den eine sankar inn kjeldor og set dei saman etter tidslinor, tema og i det store og det heile gjennom tanken um handling gjennom tid, bryt litteraturvitarane med denne tankemåten.

Litterære ytringar kjem ikkje alltid til same tid. For ein litteraturvitar kann det vera like interessant å lesa eventyr som norrøne soger.

Tidsperspektivet og oppkløyving etter tidslinor kann falla heilt ut for ein litteraturvitar. Verkemiddel i dikt kann vera av eit slag i eit dikt frå 1900-talet og eit anna slag frå 1600-talet. Dikti kann lesast parallelt.

For ein historikar vil det vera vanskeleg å sjå på språket som noko anna enn ein reidskap. Språket er ein reidskap, samfundsfag ein annan reidskap. Innanfor realfagi vert tidsformene heilt onnorleis. Ein fysikar kann draga inn millionperspektiv. Slike perspektiv vert lite gjevande innanfor sogefaget. Kjeldetilfanget vert dårleg og andre vitenskapar kann forklåra det som skjer på ein langt betre måte enn sogefaget som er best til å skapa samheng i hendingar, ikkje til å å forklåra dei store umveltingane som fysikken og kjemien kann leggja fram og ettervisa.

### Reidskap eller sjølvstendig ovring

Um me vender attende rakt til spursmålet innleidingsvis um korleis ein kann forstå seg på kva som er norsk mål: Då kann ein vel slå fast at grammatikk og tekstlæra er viktig, men skal ein verkeleg koma inn på noko som veg tungt, må ein truleg koma til spursmålet um kvifor språk er viktig. Utan at ein kjem inn på kva det er som gjer språk viktig for folk og i serleg grad for den enskilde, er det nok vanskeleg å verta røyneleg klok på kva det er som skal for at ein skal læra seg målet og å læra andre upp i kva som er godt mål, god målbruk og viktige sidor ved språk, kultur og samfund?

Kannhenda er det noko rett slik samfundsvitarane legg det ut at diskusjonane yver eit tema er det viktige. Fyrst må ein læra seg umgrep, so må ein visa at desse umgrepi kann leggast ut og brukast på ulike måtar og til slutt må ein kunna nytta dei når ein diskuterar sjølv. Ordskitet er det som viser um ein er ein kunnig målbrukar, so vil vel iallfall mange samfundsvitarar meina.

Det ein endar upp med er vel uvilkårleg kor vidt ein ser på språket som ein reidskap eller på språket som ei sjølvstendig ovring. Er språket noko som me skal nytta til å segja det me vil, eller er språket ei ovring som skal granskast for seg sjølv utan noko anna fyremål enn å finna ut korleis språket sjølv verkar på umgjevnadene, eller evt. endå meir nærsynt korleis språklege ovringar kann vera morosame eller spanande granskingsemne i seg sjølve? All vitug opplæring i norsk eller andre språk må vel byggja på at ein ser på språket som eit granskingsemne i seg sjølv, samstundes som at ein innser at språkbrukarane sjølve må vera med på å setja språket inn i dei rette samhengane og nytta språket som ein reidskap. Teori og praksis heng unekteleg og uløyslegt i hop.

Men dei enskilde prioriteringane i norskfaget og korleis ein skal prioritera i norskfaget, det er nok eit langt større emne.

## The Camp of the Saints (1973) – Framsynte Jean Raspail

Av Saul Storås

«Og når dei tusund åri er lidne, skal Satan verta løyst ut or fengslet sitt. Og han skal ganga ut og dåra folki som bur ved dei fire jordhyrno, Gog og Magog, og føra dei saman til strid, og talet på dei er som havsens sand. Og dei drog fram yver den vide jord og kringsette lægret åt dei heilage og den byen som Gud elska.»

(Johannes' openberring, kapittel 20, vers 7-9).

Den franske forfatteren Jean Raspail er nok eit ukjent namn for dei fleste nordmenn. Ingen av bøkene hans er umsette til norsk, og millomfolkelegt hev han ikkje fenge serleg stor merksemd sidan han gav ut den fyrste romanen sin, *Terre de feu – Alaska*, i 1952. Undantaket er den umstridde *Le Camp des saints* frå 1973, som til trass for – elder, kann henda heller på grunn av? – at han fekk hard medfart av dei leiande kritikarane, på fåe år vart ein bestseljar i heimlandet Frankrike og med kvart vart umsett til mellom anna spansk, tysk, italiensk og engelsk. Eg hev lese den engelske 1994-utgåva som er gjevi ut av *The Social Contract Press*, basert på Norman Shapiro si umsetjing frå 1975.

Etter ei langvarande turkeperiode i India vedtekk det belgiske riksstyret eit program der dei vil taka til seg eit stor gruppa av indiske born som skal få veksa upp hjå familiar i Belgia. Regjeringi fær likevel kalde føter og gjer um vedtaket etter at sendemennene (konsulatet) i Bombay vert rent ned av luftfatige foreldre som er vanvitugt huga på å senda borni sine til Vesten. Menneskjemengdi nektar å reisa attende til heimane sine med ungene, slær seg ned på staden kring konsulatet, og med kvart vert stemningi so hatsk at dei vestlege tilsette på konsulatet vert drepne av mengdi. Uppeldna av ein vanskapt indisk «vismann» - eit «monster», for å nytta Raspail sine eigne ord - eslar menneskjemengdi seg til å taka saki i eigne hender og sjølv setja kursen mot Vesten. Um bord på hundre utrangerte vrak av nokre skip pressar dei seg saman, nesten ein million fattige inderar som hev esla seg til å fara ut til Europa, til «det lova landet» som flyt yver av mjølk og honning.

Medan armadaen er undervegs, fylgjer Europa spent med på korleis det gjeng med ferdi. Ingen vestlege styresmakter vågar å segja det høgt, men i sitt stille sinn vonar alle at dei tarvelege rustholkanne skal koma ut for uvér og søkkja, elder i det minste at um skipi skulde kome heilskinna fram so endar dei um ikkje anna hjå alle andre enn ein sjølv! Mange innsar kva for ein uheppe det vil vera um ein heil million luftfattige lukkesøkkjarar skulde velta inn yver grensorne åt eit vesteuropeisk land, ikkje minst av omsyn til signalverknaden, men mest

ingen vågar å segja det høgt av redsle for den politisk korrekte stemningi som råder i Europa, og vinstreliberale journalistar og radiovertar som herjar med dei som tenkjer onnorleides.

Millom dei andre som fylgjer spent med på ferdi til «the last chance armada» som han medkvart vert heitande, er store grupper av ikkje-europeiske menneskje som alt oppheld seg i Europa og utgjer store mindretal i mange byar. Dei ser på fløten som eit klarsignal til å gjera oppreist mot kvite «underkuarar». Når det vert klårt at skipi hev kome seg gjennom Gibraltarstretet og hev kurs mot den franske middelhavskysten, kjem den franske folkesetnaden der i ei illhuga stemning, dei reiser frå eigedomane sine og flyktar mot nord. Dei øyde byane er eit eldorado for kriminelle utskot av alle slag som reiser den motsette veggen og nyttar høvet til å plundra dei tome husi. Sudetter for å møta dei underkua flykningane frå den tridje verdi fer jamvel godtruande menneskevenner av ymse ideologiske yvertydingar, i den trui at dei indiske flykningane skal setja pris på ei slik varm velkoma. Som ein siste halslaus utveg vedtekk den franske regjeringi å setja inn heren for å regelrett skyta ned båtflyktingane på strandi fyre dei fær sett sin fot på fransk jord. Men oppdraget er so uhyggjelegt at det store fleirtalet av soldatane stikk av og etterlet seg berre ei liti gruppe væpna menner som ikkje er i stand til å stogga millionsterke massen inderar som snart veltar inn på dei franske strendene.

I boki si handling er det tvo ting som er lite røyndomsnært: Den fyrste er at ein tung flyktingestraum frå den tridje verdi skulde koma i form av ein armada på ein million menneskje samstundes. Men i løpet av dei førti åra som hev gått sidan boki vart skrive, hev Europa teke i mot munlegt større tal på folk frå andre nasjonar, utan at det hev ført til den typen kaos og uhyggja som boka fortel um. Kvifor? Jau, dette handlar sjølvsagt um tempoet endringane skjer i... Mange europeiske land hev i dag store mindretal frå andre land, ofte millom 10 og 20 prosent av folket, og um alle desse hadde kome «deisande» ned i nasjonen yver natti vilde det ha skapt fullkomelegt kaos. I staden skjer folkevandringane i vår tid på ein varlåtten, nærast usynleg måte, ikkje minst takk vera allmennpåverkarar i pressa og kringkasting som gjer sitt beste for å burtforklåra og kvitvaska den dramatiske utskiftingi av folket som gjeng fyre seg i vår tid.

Det andre punktet eg tykkjer er urealistisk er at flykningane i romanen kjem frå Ganges i India. I røynda er det jo flykningar frå Nord-Afrika og Midtausten som utgjer dei største gruppene av framande i europeiske land. Sume meiner at Raspail gjorde dette heilt medvite for

å sleppe å provosera uturvande mykje. Alt den gongen hadde muslimsk innvandring frå tidlegare koloniar byrja å laga problem i Frankrike.

Ser ein burt frå desse tvo punkti er det fåe ting som «skurrar» i denne romanen som utan tvil er apokalyptisk. Til å vere snart 40 år gamal er han yverraskande dagnær, ja nær sagt profetisk med råkande skildringar av møtet millom høgst ulike kulturar og folkeslag. Han hev til dømes råka mykje betre enn George Orwell sin 1984 når det gjeld skildringa av ei myrk framtid for Vesten. Og kann henda nett dét er grunden til dei rasande attendeverknadene frå den delen av kritikarstanden som vel må nemnast som «politisk korrekte». I 2012 byrjar me so smått å få fasiten på korleis det mangkulturelle røyntet skulde kome til å enda, og det syner seg diverre at Jean Raspail hev vore visshøveg då han såg fyre seg at Europa vilde verta råka av kaos, vald og oppløysing i – «den byen som Gud elska» - og det hende berre fåe tiår seinare.

Då boki utkom i 1973 vart ho møtt med øyredøyvande tystnad frå franske kritikarar. Ein vilde sjølvsagt halda seg for god til å gjeva ei «rasistisk» bok merksemd som kunde auka salet. Trass dette gjekk «jungelordet» og takk vera at ordet gjekk vart boki etter kvart ein bestseljar. Fyrst i Frankrike, seinare kom boki ut på andre språk i fleire land, og selde godt dér óg. Den engelske umsetjingi av Norman Shapiro kom ut i USA i 1975. Her var reaksjonane frå kritikarane meir blanda, sume var beint motmannslege, mange var gode, men i minsto freista ein ikkje å tegja ihjel boki. Utgåva frå *The Social Contract Press* hev ei rad tillegg, millom anna eit intervju med Raspail frå 1993 og eit stort utval atmeldingar og umtalor frå kritikarar og andre. Dette er slikt som óg kan gjeva meining for dei som les boki.

*The Camp of the Saints* er ein roman um folkevandringar, årsakene deira, og ikkje minst fylgjone deira. Det er ogso er roman om at me i «det rike Vesten» hev nokre eigenskapar som viser seg å vera lagnadtunge i møtet med store mengder framande folk i ei overfolka, globalisert verd. Førti år etter at ho kom ut er boki meir dagnær enn nokon gong, og skulde lesast av alle som er upptekne av spursmål um økologi, berefør vokster og folketalsvekst, men óg av spursmål um etnisk og kulturell serhått. Kort sagt, alle som er upptekne av spursmålet: «kva slag samfund skal etterkommarane våre arva?». Boki sin eigenlege bodskap og kryptiske titel vert med kvart klart for lesaren: Når striden stend millom to læger (camps), er det dét lægret som hev slutta å tru på seg sjølve og på framtid i – som altso ikkje lenger er heilage, «saints» - som kjem til å tapa.

## Makt og politikk

### Av Johannes Ebert

Dei tvo viktugaste måtane ein kann styra folk på er anten å (1) skapa kløyving eller (2) samla dei mot ein sams motpart, med di ein nyttar seg av kollektiv otte (frykt).

Det ligg ei grunnsetning attum denne otten. Han kjem til synes millom anna i at samfundet jamt og stødt set i verk tiltak mo terror og at folk vert redde for terror.

Ein lyt spyrja seg um dei vestlege makthavarane, og stydjespelarane deira innanfor næringsliv og pengestell, er røynelegst huga på å få ein slutt på skrekkerredomet - som me vert fortalde skal vera verdsumfemnande og vel tilskipa. Er dei i røyndi huga på ei fredelegare verd?

Det er mektige bakmenn på båe sidor som tener på den sokalla "krigen mot terroren". Vestlege hermenn og islamistiske sjølvordsmenn er berre kanonføde, og tankane som dei strider og døyr for hev fenge eit preg av løyndom, slik at ingen skal sjå at dei er tømde for innhald.

Det sviv um at ein vil halda folk i frykt og å flytja ljuskastarane burt frå dei røynelege hjartesakene åt dei mektige personane og gruppone som gøymer seg attum alle dei fagre ordi.

Sjå berre på ordskiftet um tilhøvet millom fridom og tryggleik, det kjem uppatt og uppatt fram i dagen. I parlamenti og i vikepressa vert det ført på det grunnaste lægjet ein kann tenkja seg, og tillaga grunngevingar vert nytta for å gjeva grønt ljøs åt lover som veikjer personvern og borgarrettar, og ein set i gong tiltak som etterretningstenestene tidlegare kunde gjera einast i djupaste løyndom.

I pressa og kringkasting og ordskifte i ålmenta er det vandslegt å få sleppa til når ein vil finna åt rådande tankar - same kor millomalderlege, verhaneprega og fylgjelaude dei rådande tankane er vortne. Det heiter seg at dei herskande tankane er tankane til herskarane, og slik kjennest det.

Dei tenkjegrunnlaget høver like godt for ordskiftet kring umværet for plantar og dyr m.m - økologien.

Det finst no som tidlegare ingen endelege prov på um endringane i verlaget eine og åleine er menneskeskapt, eller um det rett og slett sviv um ein av mange verlagsbolkar, som ein upp gjennom dei siste milliontals åri hev kunna ettervisa nok av døme på.

Kor som er, må ein tvila på at dei mottiltaki som er sette i verk, skulde kunde gjera noko til eller frå på den utviklingi som gjeng fyre seg.

Dessutan vert menneske som tenkjer onnorleis, jamvel dei som kann syna til strengt vitskaplege, kjeldor, vert sette under trykk, og

det er eit medvite trykk.

Attum dette framtidssynet gøymer det seg stridssaker som hev med makti til å styra samfundet og næringslivet, og bakmennene nyttar kollektiv otte. Med di alle desse undergangsfyrestellingane høver til å underbyggja kva som helst slags samfundsstyring.

Den bråe ihugen etter nye og miljøvenlege energikjeldor er til å undrast yver.

For 20 år sidan målbar småe gruppor krav um umskifte i miljøet, utan at dei vart høyrde eller påansa. No hev desse kravi vorte viktuge punkt på dagsetelen i kvart lands storting, og pressa og kringkasting smeller likeins til med gong på gong med denne tematikken. Den likeframme umsnunaden er openberr nok etter øydeleggjingane i Japan og desse øydeleggjingane tente til eit umskifte i huglyndet innanfor breide lag av folkesetnaden.

Når ein ser meir røynelegst på saki, noko snaudt nokon gjer her til lands, so syner det seg rimelegt klårt at:

Ei djuptgripande endring av dei grunnleggjande oppbyggnadene i samfundet, mynsterdrag som øydelegg verdfull natur og som tærer ned ræmni på kloten i toppfart - det er ikkje mogleg utan at me uppliver ein kraftig nedgang i levestandard. Difor er alle dei påpynta (kosmetiske) åtgjerdene og ideane som vert sette ut i livet heilt utan røyneleg verknad eller fylgjesamanheng - med di dei gjeng utanum dei grunnleggjande kjensgjerningane.

Protesten mot atomkraft er til dømes berre ein millomfase, med di den uroi som folk kjenner heilt medviti vert styrd mot eitt serskilt tema, og ein koplar det av frå dei grunnleggjande vanskaner. Å gjeva folk kjensla av å vera med på noko, utan at ein eigenlegt endrar på noko som helst, er ei viktugt grunnsetning innanfor politikk, mange eldsjeler hev diverre aldri bite seg merke i det.

Eg hev røymslor for at ein kann slå fast at kvar og ei av desse sokalla motgruppone målber sitt eige flate tankegrunnlag, og dei godtek ikkje andre meiningar eller utsyn som gjeng utanfor râmone åt dette tankegrunnlaget. Det er deira eige trongsynte og avaldra tankegrunnlag som gjer at dei småe motgruppone aldri vert meir enn nett det. Når motrøslone kløyver seg etter tema og endar upp i smågrupper, er det heilt etter planen åt dei mektige, for slik hindrar dei at det nokon gong kjem til ein samla uppreist med folkeleg uppslutnad.

Og attum motytringane, attum det alternative livesettet som ein ser i mange subkulturar, finn ein sjeldan folk med eit rettelegst huglag bygd på grunnsetningar eller røyneleg vilje til

endring. Det handlar mykje meir um at ein vil underbyggja ein eigen moral, og hev lyst til å vera "onnorleis" og til å "vera imot" anten det eine eller det andre. Her er det dagnære temaet i røyndi slett ikkje so viktugt, det vert vilkårligst søkt ut, alt etter kva som til kvar tid skulde vera fleirtalsmeiningi. Dette huglaget støyer på nokso ålment og finst yveralt, og det skriv seg frå den forbruksretta uppsedingi av folket. Tema og motytringar er einast forbruksvaror, like stuttlevande og straumlineforma som varone på supermarknaden.

Dei syner seg rimelegt klårt i dei literære svari på dei emni som er dagnære no um dagen, der berre ordet "dagnær" er eit medvite valt ord. Dei grunnleggjande ihopfløkjingane i tilværet er heile tidi dagnære, men pressa og kringkasting uppseder oss slik at desse ihopfløkjingane einast vert lagde fram ved høve, og i den rekkjefylgja som skulde vera den mest tenlege.

So snart eitkvart hender, kjem det stutt etter bøker på marknaden som tek fyre seg desse spursmáli på eit vis som verkar tilforlateleg, men der det sviv meir um å tena pengar på ihugen åt folk enn det handlar um å få til nokor endring:

For ei stutt vikes tid kann kvar og ein med innkjøpt kunnskap få letta på samvitet sitt og tala massemedia og politikarar etter munnen (utan at ein treng å gjera noko med dei vanskelege spursmáli eller med sin eigen tenkjemåte), for den neste skandalen er alt fyrebudd.

Her kann ein kjaippt slå fast at i dei fleste stridsspursmáli er grunngevingane og motgrunngevingane, og tilbakemeldingane frå pressa og ålmenta, slik som ein kunde ha venta seg, og mest fullkomelegt sette upp og i scena som for eit spelhus.

Dei fyreriti er slik samfundsstyttoner vil ha det, måvita. Til skilnad frå einestyrarstatar vert meiningar her til lands ikkje beint undertrykte, men snarare trykte ned i ufårlege og former som er tilbude på fyrehand - og der den endelege utkoma vert den same.

Slik kjem ein då til den slutningi, at kvar ei meining, kvar ein aksjon, same kor radikale einkvan skulde ha lyst til å vera, vert nytta av dei mektige til å styrkja systemet. Terroråtak er jamvel ein fyremun for makthavarane, sidan det gjev høve til meir yvervaking og yversyn med motgrupper. Kvar hen dette fårlege politiske spelet fører oss, ser me til dømes i Sambandsstatane, som stend på randi til sjølvøydeleggjing, og det heilt utan eit skrekkerredome.



## Guillaume Faye og arkeofuturismen

Av Olav Torheim

*Guillaume Faye,  
L'Archeofuturisme,  
1998 (2. opplaget i 2011),  
L'Encre*

Guillaume Faye var på 1970- og 1980-talet, saman med Alain de Benoist og Pierre Vial, ein leidande talsmann for eit ideologisk straumdrag som - fyrst i dagspressa og seinare med ein viss tvihug av dei sjølve med - er vorte kalla for "det franske nye høgre", og som var samla kring den filosofiske tenkjetanken GRECE. På midten av 1980-talet tok Faye farvel med GRECE av di han vilde freista å skapa seg eit namn gjennom å oppnå yrkesframgang som bladmann, men i 1998 var Faye attende, med "L'archeofuturisme" - ei bok som gjev til kjenne at Faye kjem attende i offentleg ordskifte. Boki hev vorte standande som Faye sitt politiske og ideologiske hovudverk. Boki var lenge utseld frå forlaget, men kom i 2010 i engelsk utgåva (Arktos) og var i 2011 endelegt atter å få tak i på fransk.

### Det moderne samfundet kjem til kort


Guillaume Faye skildrar eit Europa i oppløysing, både når det gjeld levnadssett, folkesamansetjing og pengestyling. Motsetnadene millom Nord og Sud, som det vart sett ljuskastarar på i 1980-åri, er minst like dag-nær no som fyrr. Men no er jamvel velferdssamfundi i Nord truga av ein lagnad som liknar den til dei vanstyrde u-landi i Sud:

-I den tredje verdi aukar folketalet so det dunar, og det er uråd å få alle i den tredje verdi opp på vårt råvareforbruk. Noko slikt hadde fløkt det til med di ein måtte ha nytta meir råvaror og tæra meir på jord, luft og vatn.

-I den vestlege verdi vert folkesetnaden eldre og eldre, med di økslingstali gjeng ned. Det vert fødte færre enn det døyrr folk. Arbeidsinnvandring skal etter segjande løysa floken, men kjensgjerningi er at land som til dømes Tyskland fær mindre enn tiandeparten av den faglærde arbeidskrafti dei er på jakt etter. Det store fleirtalet av dei som kjem er ufaglærde og vert ei last for dei stødt færre som arbeider (jamfør vårt eige SSB som spår 8 millionar menneske i Noreg um 50 år, og Brochmann-utvalet som slær fast at innvandring kann kosta oss heile oljemidelen).

### Verklaus likskapstenkjing

Upp gjennom soga hev ein sett at dei samfundi som er rolege og bereføre, det er samfund som hev vore prega av å ha einkynde folkegrupper, men samstundes hev store skilnader på det



*Guillaume Faye i Moskva, 2007.*

millommenneskelege planet, med rangskipnad og orden. Men i dag er det umvendt, ein freistar å tvinga igjennom eit samfund som skal vera ihopsett av mange folkegrupper, men samstundes einkyndt på det millommenneskelege planet og jamvel eit likskapssamfund.

Døme på at likskapstankegangen hev gjort buslit, finn ein i alle dei kunstige rettane som ein hev i det moderne, liberale samfundet. Dei hev vorte innførde for einskildmennesket, men trugar med å meinka sjølve samfundet og gjera det verklaust: Alle hev rett til eit minstemål av livstandard, alle hev rett til utdanning, alle hev rett til å gifta seg med kven ein vil, jamvel med einkvan av same kyn...

Ein sluttsats av at alle skal ha rett til utdanning, er skulen i våre dagar vorte ein einaste stor "barnehage" der lærarane fyrst og fremst er umutsutpersonar og ikkje lenger kunnskapsformidlarar. Elevar med rike foreldre vert som ei fylgja av dette helder sende til privatskular enn til ein offentleg skule der minstemåli er søkte ned når ein skal få trykt alle gjennom det same systemet. Slik fører likskapstankegangen til slutt likevel til å sementera skilje, framfor å hjelpa fram dei som hev evnor og gåverikdom.

For ingen rettar kjem av seg sjølv, til rettar høyrer det plikt. Det gjeld millom anna ekteskapet millom mann og kvinne. Dei rettane som ektepar fær, er eigenlegt ei motyting for at dei byggjer ein heim for born - ei trygg råma der dei kann føra slekti vidare og skaffa fram framtidig arbeidskraft. Homofile ekteskap, der det ligg i korti at partnarane ikkje kann få eigne biologiske born saman, er soleides motsegjingsfullt, sett frå både naturen og samfundet si sida.

Dagens liberalisme og ålgildskap (universalisme) er etter Faye sitt syn å tru på eit underverk. Ein hev ikkje råvaror nok til eit likskaps- og velferdssamfund for alle, og i eit mangkulturelt samfund hev ein helder ikkje lenger den samkjensla millom borgarane som trengst for å dela på dei godi som finst. Å byta ut armodet millom mange kann soleides helder ikkje vera løysingi. Råvareknappleik og stammementalitet vil føra til at det moderne, mangkulturelle samfundet fell ihop.

### Frå myrksyn til framtidsvisjon

Etter Faye sitt syn finst ingen måte å stogga dette samanbrotet. Det er nyttelaust å freista arbeida politisk for endring innanfor rāmone av den oppbyggnaden som samfundsstyringi byggjer på i dag. Til det stend likskapstenkjingi altfor sterkt både i nyhendeformidlingi, opplæringi og i heile det "sivile samfundet" - og likeins pengekreftene som ser seg godt tente med fyrestellingi um at menneske, varor og teknologi kann førast yver heile kloden - utan umsyn til ulike levnadssetti og tilværerettane desse levnadssetti hev.

Det er fyrst etter ei stor ulukka, i det som han kallar "l'apres-chaos" (etter kaoset) at samfundet kann lagast um og setja ihop på nytt. I millomtidid kann me ikkje gjera anna enn å fyrebu oss, åndeleg og lekamlegt, på kaoset og den stoda som kjem.

Når Faye er so viss på at det systemet me hev i dag kjem til å bryta saman, so er det av di han ser fyre seg at det kjem til å koma ei rad ulike ulukkor samstundes : miljøkatastrofar, økonomiske katastrofar, råvareknappleik, kulturelle motsetnader. Det sivile samfundet kann takla èi eller tvo øydeleggjingar, men ikkje at alt kjem på ein gong.

Kva kjem so til å henda etter?

Hovudtesen åt Faye er at dei tilfløkjingane som me hev i dag fører til at tvo spor presser seg fram på jamlikt vis:

-Den teknologiske vokstere kjem til å gå vidare, med framtidsteknologi som det er arbeid ut reglar og fyrerit for alt i våre dagar, men som er vorte stogga av di det anten ikkje høver for mektige tilverkarar av energiråstoff eller det fell på tvers av ålment godtekne leve-reglar og sedskap.

-Me kjem til å sjå ein urgamle verdiar vender attende, der likskapstanken og tanken um det ålgilde vert skift ut med med rangskipnader.

Det segjer seg sjølv at dei tvo spori høyrer ihop: det fyrste gjeng ikkje utan det siste.

Faye ser soleides fyre seg at ein kjem til å få ein vokster med "deux vitesses" (tvo snøggleikar). Hevdvunne urgamle landsbysam-



fund for folk flest (sidan naturi ikkje kann takla det forbrukssamfundet som alle i dag helst skal liva etter), og småe, høgteknologiske bysamfund for ein elite.

### Inkje kjem av seg sjølv

No er Faye neppe so godtruande at han tenkjer seg at det arkeofuturistiske samfundet skal koma av seg sjølv, berre samfundet av i dag

fær eit samanbrot som er kraftig nok. Det Faye derimot hev gjort er å leggja fram ein tenkjeleik, han hev synt at ei onnor framtid er mogleg dersom me er medvitne og fyrebuðde på det. Det samfundet som me hev i dag er ikkje mælt upp etter dei utbjodingane som kjem i morgon, og i den ugreda som vil fylgja på grunn av det må samfundet gjerast um til noko nytt og betre. Når færen er størst er

hjelpi nærast!

Når det kjem til spursmålet um korleis Faye ser fyre seg det arkeofuturistiske samfundet sitt, so må eg segja at han trakkraftig i salaten i spursmål um bioteknologi, kjernekraft osv. Det er nok ingen av lesarane som kann segja seg samde i eitt og alt av det som Faye kjem med i boki si, helder ikkje eg, men alle fær evlaust noko å tenkja på.

## Eit 600-årsminne for Jeanne d'Arc

Av Olav Torheim

*Andre sundagen i mai, som i år kom på den trettande, var tjodlynde medhaldsmenner frå nær og fjerr samla for å heidra Jeanne d'Arc, Frankrike sitt symbol for sjølvstende og fridom.*

Den unge bondegjenta Jeanne, seinare kalla møyi frå Orléans og opphøgd til nasjonalhelgen, var snaudt 17 år gamal då ho var med og frigjorde lande sitt frå utanlandskt herrevælde. Engelskmennene hadde hersett mest heile landet og Henrik V busette seg i Paris, men under leidingi hennar Jeanne kunde franskmennene reisa seg. For det laut ha seinare bøta med livet sitt på bålet. Franskmennene hev ikkje gløymt det store offeret som Jeanne gjorde for dei, og mange kjenner på seg at landet deira i dag stend framfor ei minst like stor utmaning som den gongen. Trugsmålet i våre dagar heiter ikkje lenger England, men verdseinsretting (globalisering). Det er difor at tjodlynde medhaldsmenner samlast denne dagen kvart år til å henta krefter for ein ny fridomskamp.

Manifestasjonen dette året, som gjev til kjenne at det er 600 år sidan Jeanne d'Arc vart fødd, hadde samla fleire deltakarar enn i tidlegare år. Meir enn 1500 var med, heiter det både frå tilskiparane og frå reportasjane åt bladfykar som er kritiske til tilskiping.

Fremst i demonstrasjonstøget gjekk med-



haldsmenner frå Nouvelle Droite Populaire (det nye folkelege høgre, ei rørsle som samlar nasjonale og identitære) og Terre et Peuple (Land og folk, identitær kulturorganisasjon) under parolen "Mot verdseinretting - nasjonal frigjerer". At det var tid for å taka att landet sitt gjekk dessutan klårt fram or slagordi som vart ropa, som "La France, la rue, nous appartenent" (Frankrike tilhøyrer oss, gata tilhøyrer oss).

Nykomarar i demonstrasjonen dette året var gruppa Jeunesses Nationalistes (Unge nasjonalistar), skipa for mindre enn eit år sidan i Lyon under leidingi åt den unge og gåverike Alexandre Gabriac. Andre grupper som deltok var syndikalistiske Troisieme Voide under leiding av Serge Ayoub, katolsk-

tradisjonalistiske Renouveau Francais og netverket Nationalistes Autonomes. Jamvel broderfolk frå andre europeiske land som Spania, Ukraina og Hellas var til stades, samla i tanken um ei verd av frie nasjonar.

Etter at manifestasjonen var slutt, vart det bode inn til konsert med gruppone Frakass, Lemovice og Franc-Tireurs-Patriotes, som er noko av det beste som den patriotiske rocken kann bjoda på. Stemningi var minst like god som under manifestasjonen: Frakass var som vanlegt på hogget med sina velreflekterte tekstar og drivande melodiar, og allsong-faktoren nådde nye høgder når Franc-Tireur-Patriotes spela gamla patriotiske rock-klassikarar som Insurrection sin "Combattant d'Occident" og In Memoriam sin "Assasins de mon peuple".



*Inter-europeisk: Målsmennar frå Ukraina (Swoboda), Spania (La Falange), Hellas (Chryssi Avyi), Frankrike (Nouvelle Droite Populaire) og Noreg (Målmannen).*



*Frakass avslutta dagen med fengjande låtar som lokka til allsong.*

## Jazz er ikkje til å kimsa av

Av Lars Bjarne Marøy

Det kann vera vanskeleg å umgrepsfesta kva jazz er for noko for det spenner frå ragtime og valsar til ulike ihopvaksne former i nyare tid. Det hev vorte gjort mange freistnader på å umgrepsfesta jazz med at ein hev peika på korleis jazzten skil seg ut frå andre musikkgenrar og frå europeisk og afrikansk musikk. Jazz-meldaren Joachim Berendt hevdar at alle freistnader hev vore mislukka.

Ein måte å koma seg rundt vanskaner med å umgrepsfesta ovringi jazz, er å tufta nemningi jazz på eit breidare grunnlag. Berendt umgrepsavgrensar jazzten med å visa til ei form for tonekunst som voks fram i Sambandsstatane. Den afroamerikansk tonekunststen støytt saman med og vart samanfløkt med europeisk musikk når tonekunstnarar frå båe hald møttest. Han gjev gode grunnar for at jazz skil seg frå europeisk musikk i det at jazz hev eit sermerkt tilhøve til tid, uttydd som sving, dei som steller til jazz er likeframme i uttrykket og livsglade når dei skipar til musikken, det ufryebudde vert til tonekunst gjennom hastige tilskundigar som spelar ei avgjerande rolla. Klangrikdomen, rytmen og stemningsinnhaldet speglar av noko av det som serprepar dei tonekunstnarane som driv med jazz.

Travis Jackson hev òg lagt fram ei breidare umgrepsfesting av jazz som kann samla alle dei ymse ytterkantsumrådi ein finn i musikken. Han slær fast at det er ei tonekunstform der muskarane hev ei serkunna som er knytt til fleire kjenneteikn som "svinging", ingen fast framføringsmåte og frispeling (improvisering) og gruppe-samhandling. Itillegg tilrettelegg ein for ei sermerkt røyst, og ein er open for ulike musikalske løysingar. Krin Gabbard hevdar at jazz er sett ihop av ulike tankar eller ei emnegruppa. Å avgrensa på denne måten er kunstig, men å avgrensa slik kann likevel opna for å samla ein heil slump musikk som hev nok sams til at den kann tydst ut og verta til ein samanhengande sedvane.

Medan jazz kann vera vanskeleg å umgrepsfesta, er det at det skortar på ein fast framføringsmåte heilt klårt ein av kjenneteiknane i jazzten. Den tidlege bluesen var vanlegvis bygd upp kring oppattakande utrop og svar som kom etter eit fast mynster, og bygde på det som var sams når den afroamerikanske tonekunststen vart førd frå ættled til ættled eller frå folkegruppa til folkegruppa. Bluesen var ei form for folkemusikk som stod fram saman med ein slump av arbeidssongane og plantasjefeltssongane millom svarte på landsbygdi. Den tidlege bluesen var òg svært

prega av at det skorta på ein fast framføringsmåte. Desse kjenneteikni er grunnleggjande for serpreget til jazzten. Medan ein i den klassiske musikken i Europa nokre gonger tolkar, pyntar på og lagar tonefylgje til eller nyttar andre musikalske verkemiddel fritt, er hovudmålet med den klassiske musikken å spela musikken slik som han vart skriven.

I jazzten er det likevel den røynde utøvaren som tolkar ein tone på ein svært eigenarta måte. Ein spelar aldri det same toneverket på plent same måten tvo gonger etter kvarandre. Utøvaren endrar stilen etter sitt eige lynde eller personlege røynslor eller etter den samverknaden det er millom muskarane eller til og med etter korleis tilhøyrarane er sett saman. Ein jazzmuskar kann endra melodiar, jamvekta og tidspreget um han vil. I klassisk tonekunst i Europa er det derimot tonekunstnarane som styrer korleis tonekunststen skal nyttast gjennom notar og faste framføringsmåtar. Her må muskarane berre finna seg i å øva til dei når den spelekunna som tonekunstnaren hev lagt upp til. Jazz derimot vert ofte kjenneteikna av å vera tilverka av menneske som er jambyrdige med umsyn til skaparevna, samhandlings- og samarbeidsevna. Det gjer at rangen til dei ulike tilskot-sytarane gjeng for det same. Både toneskaperen og utøvaren hev sitt dei skulde ha sagt.

I New Orleans og Dixieland-jazz bruka utøvaren å taka tonen og umkvedet på umgang, medan andre med frie framføringsmåtar la fram motmelodiar. Gjennom svingen kom store band til å måtta lita meir på tilskipa musikk, tilskipingane vart skrivne og vart lærde med øyra og hugsa – mange tidlege jazz-utøvarar kunde ikkje lesa musikknotar. Einstaka einesongarar (solistar) kunde framføra fritt innanfor desse tilskipingane.

Ei av stjernone på min musikalske himmel og mange andre sin, er nok Lous Armstrongs "What a wonderful world". Han greider på ein utruleg lett måte å få oss til å frygda oss yver dei småe gledone i livet. Diktaren Hans Børli hev skildra Armstrong levande i eit dikt som segjer ein heil del um både jazz og utøvaren. Andletsdragi, kvilebolkaner og velklangen i alt han gjer er eineståande og viser mykje av serpreget til den fyrste jazzten. Korleis ein greidde å nytta fåe verkemiddel til å laga heilt ny og spanande sermerkt musikk.

Sving vil vel for nokre vera den fyrste utglidingi i jazzten, men tanta til Beate som Lillebjørn Nilsen syng um, finn jazzten sin gullaldar nett i sving-bolken med gitar-spelaren, Django Reinart. Dette var tidsaldaren for storband, og bandleidarane vart ofte

kjende, men òg for songarar som den kjende songarinna Ella Fitzgerald som slær igjenom på denne tidi.

Lykkjelpersonar som var bandleidarar eller tilskiparar var til dømes: Count Basie, Cab Calloway, Jimmy and Tommy Dorsey, Duke Ellington, Benny Goodman, Fletcher Henderson, Earl Hines, Glenn Miller og Artie Shaw.

Louis Armstrong var trompetist, bandleidar og songar, og han vart ofte etterlikna av andre utøvarar og var ein nybrottsmann i den tidlege jazzten. Sving var ein liketil og greid-skoren dansemusikk som vart spela yver radio og på utestader. Jamvel um det var eikorslags låt som var sams for alle i svingen, gav den òg eit høve til at einskildutøvarar kunde veksa fram og skipa seg til med ein serhått som gjorde dei til leidande framførarar eller einframførarar og driva med frie musikalske framføringar. Etter kvart vart raseskiljepolitikken i Sambandsstatane noko mildare, og då byrja artistar å koma med i band på kryss og tvers av um dei var kvite eller svarte.

Seinare i bebop kom søkjeljoset tilbake til småe gruppor og eit minstemål av tilskiping. Melodien vart kalla hovud, og den vart fastslegen kort i upptakten og på slutten av framføringi. Men kjernen i framføringi var upptakingi av den frie framføringi i midten. Seinare stilar i jazzten slik som modal jazz avskipa den fastrådde oppfatningi av ein sokalla samklang med vekslingsmynster (fleirtonefylgje/akkord-progresjon), noko som tillet tydelege serkjenne ved den måten utøvaren framførde musikken på, den vart endå meir fri når den vart lagt til eit bakteppe prega av ein musikalsk mode. Fyregangsflokkane i jazzten og den frie språkføringi i jazzten tillet, til og med ropte etter å avskipa samklangen, skalaer og rytmiske mynster.

Ettersom tidsaldaren med sving tok slutt og tidi med umfarande sving-band var på hell, bar det til ei stor nyvinning i jazz-musikken. Ein artist som Ella Fitzgerald er truleg den mest spanande å sjå på i so måte. Ho er so visst ei av mine store stjernor og ein av dei store jazzsongarinnone i jazzten historie. Då ho gjekk yver til bebop var det eit stort skifte i den songlege stilen hennar, ho vart merkt av Dizzy Gillespies storband. I denne tidbolken som ho då var inne i, byrja ho å freista ut den sokalla scat syngjing som vart ein stor del av speleplanen hennar.

Scat-syngjing i songleg jazz er ei form for fri syngjing med ordlause sjølvljodar, meingslause ihopsetjingar av ljodar anten det er eigne ord eller ingi ord i det heile. Scat-syn-

gjing gjev utøvarane høve til å syngja frie melodiar og rytmar, eller skapa ljodar som kann minna um eit eine-instrument.

Jamvel um scat-syngjing er fri syngjing, er dei melodiske linone ofte ymse avbrigde knytte til ein skala og sokalla arpeggio-brotstykke m.m. Dei som vil granska scat-syngjingi nærare kann høyra på "Flying home" eller "How high the moon". Mel Tormé hadde òg ein sereigen stil innanfor denne stemneleidi, men han var trombespelar.

Etter at bebopen hadde stade fram på slutten av 1940-talet skaut jazzen fram i fleire renningar eller understraumar, men ikkje ein einaste av dei hev, etter mitt syn, fostra amerikanske songarar som kjem upp mot Ella Fitzgerald og Louis Armstrong. Dei er i serklasse etter min smak. Dinah Washington er vel den einaste eg hev greidt å finna fram til som kann vera av same klasse. Framføringa av "mad about the boy" er fullkomen og maktfull. Elles er det mange spanande artistar. Den norske artisten Stein Getz er av dei mange store instrumentalistane som hev skapa eineståande musikk. Etter kvart må ein likevel spyrja seg um ikkje jazzen hev glide yver i andre genrar. Ordskitte med innkast um kva som er jazz hev det vore mange i jazz-samfundet, det er ikkje berre eit spursmål um å halda jazzen avgrensa, men det kann vel òg vera eit spursmål um å halda han inngjerda.

### Ordskitte innanfor jazz-samfunnet

Det hev lenge vore ei ordveksling innanfor jazz-samfunnet um umgrepsavgrensingane og bindingane som ligg på genren jazz. Trass i at jazzen hev endra seg og forma seg um gjennom å verta påverka på nye måtar, hev jazz-samfundet ofte funne åt desse nye påverknadene og meint at dei vatna ut jazzen. Andrew Gilbert hev kome med eit innlegg for at jazzen hev ei eigi evna til å trekkja til seg og forma um på nye hugskot frå ymse musikkstilar. Det er derimot nokre eldsjeler av ulikt slag som hev gienge inn for å umgrepsfesta jazzen, slik at ein stengjer ute mange typar som vert oppfatta som jazz. Jazz-musikarar sjølv er ofte nølende med å umgrepsavgrensa den musikken dei spelar. Duke Ellington summerte det upp på denne måten: Det er musikk alt saman. Sume jazz-kunnige hev til og med slege fast at Ellingtons musikk ikkje var jazz fordi den var skipa til og fordi han nytta spelemannslag. På den andre sida hev Ellingtons ven Earl Hines som laga tjuge eineframføringar som han forma um skifta inn på ymse måtar etter toneverk av Ellington, vorte framstelt som eit av mange gode døme på at jazzen hev runne ut or ulike rekkjor av einskildhendingar, hevdar jazz-granskaren Ben Ratliff

Einskilde peikar på at nokre former for jazz legg for sterkt vekt på å vera inntektsgeivande for ei eigi næring i musikkbransjen og byggja upp ein jazz som skal femna heile ålmenta heller enn å ha ha ein serdåm, og desse formene for jazz hev fenge eit uord på seg frå fleire hald, iallfall sidan Bop-genren uppstod. Eldsjeler innanfor jazz-samfundet legg vekt på hevdvunnen jazz og hev avvist Bop, og heile 1970-talsjazzen som ein iho-protingsbolk med vekt på å vatna ut den røynelege jazzen for at musikkbransjen skal tena pengar. Bruce Johnson meiner at jazz-musikk alltid hev havt ei spenning millom jazz som ein inntektsgeivande musikk og ei kunstform. Gilbert meiner at det er ei oppfatning um ein kanon innanfor jazzen, og at den skifter frå tid til tid. Det kann visa seg at storytingar og stordådar i fortidi kann koma til å få ei framskoti stoda framfyre nyvinningar frå noverande artistar.

Jazz-granskaren til Village Voice, Gary Giddins, peikar på gode grunnar for at det vert skapt og spreidd ei form for jazz som aukar fram tanken på reglar og faste former for jazz, og det gjer einskilde store underhaldningsverksemders sers rådriske. Jazzen stend andsynes ei framtid der jazzen vert påvyrdd og godteken, men utan at ihugen kring musikken er serleg stor. David Ake átvarar mot at det vert skapt normer i jazzen og at det vert upparbeidd ein hevdvunnen jazz som stengjer ute sidespori og nyare fyregangsformer for jazz. Det hev vorte mæla imot einskilde former for jazz som stend utanum den hevdvunne amerikanske formi. Det hev òg kome upp på bakgrunn av at den tonekunsten i Sambandsstatane hev stade for ein sers rådriken sedvane i jazzen. Utfrå eit syn vert dei nye landi tekne vel imot som eit døme på livskrafti i musikken. Frå eit anna synspunkt finn ein åt dei nye musikarane fordi dei avviser livskraftige sedvanar innanfor jazzen.

Jazz kann vera so mangt og genren hev bygt seg upp steg for steg, og det kann vera råd å finna att mange serdrag, men det er den opphavlege jazzen som det er lettast å få taket på. So vil det kannhenda verta klårare korleis jazzen hev vore dei siste 50- 60- åri, når ein fær nokre tiår til med musikalske nydanningar, eller so vil heile genren gå yver i musikkhistoria som noko som tok slutt og kvarv burt. Meiningane vil verta delte, men klassikarane vil leva på dei instrumentale arbeidsinnsatsane som ein kann gleda seg yver gjennom opphavlege innspelningar og serleg gjennom dei fåe store songarane som eg likar. Elles kunde til dømes Monica Zetterlund og Arne Domnerus vore nemnde i vår nordiske samanheng, men det fær venta til eit anna høve.

Ingvær Åberge skriv um leidaren i siste Målmannen at:  
 "[I]nnlegget var retta til ein konservativ, men ikkje høgnorskorientert nynorskbrukar. Det er som om eg kunne lura på om det var retta kort og godt til meg? I alle fall: Det er tragiske ting styresmaktene gjer med nynorsk-rettskrivinga. Det er nok eit teikn på oppløysinga i tida. Eg har drive litt som korrekturlesar, men det vert strevsamt heretter. Og gjennom røynsle med bruk av Nynorskordboka på nettet har eg etter kvart fått ei kjensle av kva ord og former som er lovlege og ikkje. Men heretter må ein nok til å slå opp for nesten alt som liknar bokmålsord. Kanskje det er lovleg? For min eigen del som nynorskbrukar får det neppe så store konsekvensar. Så vidt eg forstår vil det framleis vera lovleg å skriva nynorsk slik eg gjer, og er det ikkje lenger lovleg, så gjer eg det vel likevel, om lag som før (Viser her til innlegg frå Voss mållag i Dag og tid.).

Grunnen til at eg held meg til den nynorsken eg gjer, er aller mest at det var dette eg fekk opplering i på barnskulen, og det sit i. Dessutan er det denne nynorsken eg møter i nynorske media som Sogn avis, Dag og tid og NRK Sogn og Fjordane. Verdien av det å finna stønad for skriftspråket sitt i dagsaktuelle mediekannalar trur eg ikkje bør undervurderast. Det at VG, Dagbladet og Aftenposten saman med Dagsrevyen i NRK i dag held seg til ein nokså sams, halvkonserverativ versjon av bokmål trur eg har vore den mest avgjerande faktoren for den stabiliseringa som etter kvart har skjedd av bokmålet, og det er ein viktig grunn til at både me nynorskbrukarar og bokmålsbrukarane sjølve vanlegvis greier å skriva bokmål nokså rett. I motsetnad til nynorsk, der feil fyl på feil når folk skriv. Det som me ar fått no innan nynorsken, er ei offisiell godkjenning av den knotenorsken som ein del folk som i embets medfør må skriva nynorsk har lagt seg til. Dei seiast at dei av og til skriv på bokmål og sender teksten gjennom eit nynorsk retteprogram inne i Oslo. Det er dei folka som no skal sleppa å umøda seg noko med nynorsken sin."

**Dvergemålet**

## Hedningarna

Av Megan Leo

I mai dette året er Hedningarna ute att med den siste plata si, som dei heilt einfelt hev kalla for “&”, og i månadene som kjem hev dei etter måten mange spelferder kringum i Sverige. Dei hev spela seg upp eit namn avdi dei bygger på lidenskapen for folkgenren, dei hev henta skiftande innflot og byggjer tilfanget sitt upp med rå energi, og held dei fram i same faret.

Hedningarna er ei eineståande svensk folkgruppa, ho fær den svenske folkemusikken til å koma fram i kjerneform (når ein skjer burt det andre), jamvel med tilskot frå kvinnelege finske songarar som styd seg mykje på finsk gudelæra, segner og folkemusikk. Dei vann seg ei skifterik tilhøyrargruppa med tilhengjarar av tung musikk, det hekk i hop med at dei spela snøgt og hadde ein sterk utprøvningsvilje med elektrisk gitar og sumtid med andre elektriske verkemiddel.

Gruppa vart sett i gong av Hållbus Totte Mattson (frå Dalarna i Sverige), Anders Norudde (kalla Stake; på tidlege upptak, høyrer til Degerfors-skyldfolket) og Björn Tollin i 1987. Sistnemnde hadde sterk hug til å spela folkemusikk, serleg den som kom frå heimstaden Norudde. *"Me leitar etter folkemusikk med harde melodiar, umsnudde taktslag og notar for perkusjonsbass, den typen tonekunst som vart nytta i dei nordlege delane av Sverige for hundradtals år sidan. Ingen annan musikk når so langt ned til rotene våre som denne musikken. Det er svært sterk kraft i den gamle musikken vår."* (<http://www.noside.com/hedningarnabio.html>)

Spelgreidor som Hedningarna nyttar seg av er: Luta, Teorb, Lira, E-fiol, Mandora, Mora-oud, Slaglira Fiol, Hardingfela, Moraharpa, Masmoraharpa, Stråkarpa, Svensk sekkepipa, Seljefløyta, Ko- & Get-horn Tamburin, Vevlira, Slaglira, Octapads, Stråkarpa, Moraharpa. Norudde bygde jamvel sine egne felor og andre instrument.

Det fyrste albumet deira kom ut i 1989. Det inneheldt polkaer, det var musikk som bygde på 3/4 dels takt og som fanst i svensk folkemusikk, taktprega i sin natur og fullkomelegt eigna til dansing. Songtitlane sette til Björnlåten og Ölbackens Polska.

Det neste albumet deira heiter, “Kaksi”, som tydet “two” på finsk, Hedningarna innleidde no eit samarbeid med



Silence Records og samarbeidde med two kvinnelege finske songarar, Sanna Kurki-Suonio and Tellu Paulasto. Dei førde med seg eit finsk innflot når det galdt den lyriske tonen og kjensla av det svenske heksebrygget til Hedningarna. Songane på albumet inkluderar Joupolle Joutunuten, Kanalaulu, and Kruspolska, som gjev til kjenne byrjingi på eit av landemerki til Hedningarna Svensk/Finsk samarbeid, lyrisk millomspel millom finsk og svensk. (*Kruusaa minä en vaikk' siin' oot nuori ja nätti*

*ennen sua kelpais' vaikka tiskirähti aya... Lalala...*

*Inte krusar jag för du är nätt och grann får jag inte dig så tar väl jag en ann'*

*Lalala...*

*Inte kan väl jag rå för att jag är tjock, får jag inte dig så tar väl jag en stock*

*Lalala...*

*Inte kan väl jag rå för att jag är ful får jag inte dig så gör väl jag nå't kul*

*Lalala...*

*Jag har bantat många kilo för din skull får jag inte dig så blåser jag omkull*

*Lalala...*

*Inte krusar jag för du är nätt och grann får jag inte dig så tar väl jag en ann' //: x3*

*Lalala..)*

Det neste albumet, „Trä“ (Tittelen viser til det snertne sambandet millom substantivet tre og talordet tre) hev ei sterk nerva i seg og gav den heidenske gruppa endå meir åtgau. Songar som “Räven og Vargtimmen” stikk seg her serskilt ut, med tekst både på svensk og finsk, og dei handfer spelgreidone slik at ein fær ein rik skog- og naturklang - og jamvel med ein trøkk som fekk mange metal-vener til å gjeva gaum på denne plata.

Det neste albumet som kom ut, var

Hippjokk, det stod for eit oppbrot med dei finske songarane og retta seg heller mot å visa fram den sterke instrumentelle stilen, energien og momentumet som gruppa hadde nått fram til då. Låti “Drafur och Gildur och Dolkaren” er høgdepunkt, den siste undstrekar feleslåttar som er bygde på norsk folkemusikk.

Albumet hev dessutan songinnslag frå den samiske joikaren Wimme Saari. Musikken er både opplyftande og full av kraft, og den nordiske naturstemningi bryt som alltid gjenom.

Uppfylgjarane til dette albumet førde til at dei vende tilbake til finnane (no var det Sanna Kurki-Suonio og Anita Lehtola). Dei song i “traditional Finsk runo-song stil” til sleppingi av “Karelia Visa”. Til songemni høyrde det med eit um si syster som venta på bror sin som skule venda attende frå krig, ein folkesong um månen, og ein klagande kjærleikssong til den ein elskar, men som er burte i eit framandt land. Albumet skulde vera ein måte å finna attende til gamal sedhevd i det karelske landumrådet, det meste av dette landumrådet er no under russiske styre, og levnadssettet er åt å verta sopt burt. Dette albumet let til å vera ein maktfull påminnar um den kulturelle arven til Finland, det er òg eit musikalsk meisterstykkje når ein tenkjer på det spelet som svenskane stend for.

Etter meir enn 20 år med kveikjande heidenskpåverka musikkverksemd, so held Hedningarna fram med å setja sitt merke på nordisk folkemusikk, utan å bry seg stort med rådande trendar eller stilavgrensingar. Dei spelar som dei vil og den nordlege stemningi speglar seg av i dette ærlege arbeidet med tonekunsten.

## Marklandsrock mot den moderne verdi

Av Ornella Winter

Det hender at ein kjem yver grupper som hev sitt heilt sereigne ljodbilæte, men der ein samstundes tydelegt kann spora kva slags andre musikalske stilartar det er som hev vore påverknadskjeldone. Ei sovori gruppa er Markland Folks.

Dette einmannsprosjektet frå Labrador i Canada gjev oss ein forvitneleg syntese av streetpunk og folkrock, med innslag av metal. Den einfelde trummingi, dei energiske riffi og dei melodiske linone med sologitaren er helder ikkje so ulik det som me kjenner frå svensk vikingrock. Fyrste gongen me høyrde frå Markland Folks var med EP'en "The Archaic Call" frå 2009. No er dei attende med fire spor og 17 minutt lange "Revolte contre le monde moderne". Denne gongen einast med franskspråklege tekster.

Namnet Markland Folks spelar på det namnet som Leiv Eiriksson sette på kysten av Labrador, og når det kjem til tekstmaterialet er det klårt nok at det sviv seg um å styrkja med-

vitet um saga, kulturen og identiteten vår. Titelsporet på plata spelar openbert nok på det som hev vorte standande som hovudverket åt den tradisjonalistiske tenkjaren Julius Evola, "Revolte contre le monde moderne" (Uppreist mot den moderne verdi"). Denne låta er samstundes sjølve programlåta deira, med åtfinning av det moderne og rotlause konsumentsamfundet, der folk er framandgjorde frå både natur- og kulturgrunnlaget vårt. Teksti avsluttar med ein tenkjeleik um at det ein dag atter skal gro upp tre og grønt gras frå ruinane åt høgblokkene i drabantbyane...

I låta "Rebelle sans cause" gjeng dei til felts mot sokalla alternative ungdomskulturar i våre dagar, der det diverre handlar meir um kva ein er mot enn kva ein er for - og der dei fleste med si tankelause og individualistiske åtferd einast vert karikaturar av det systemet som dei hævdar å kjempa imot.

I eit intervju på gruppa si heimesida slær mannen attum bandet fast at dei er grunnlegg-



jande motstandarar av det liberale konsumentsamfundet. Dei arbeider for ei attervend- ing til eit tradisjonelt samfund, men i ei ånd som er snarare revolusjonær enn reaksjonær.

## Historietime i thrash-innpakking

Av Ornella Winter

Jamvel um namnet skulde tyda på noko anna: "Kampfbund" er eit franskspråkleg thrash-metalgruppe. "Saga guerriere" (sogekriagar) er det andre albumet som denne gruppa gjev ut..

Uppskrifti deira er hardlyndt thrash, sumtid på grensa til daudmetall og med innslag av hardkjernerock, og i dette konseptuelle albumet er ljoskastarane framfor alt på krigar og store slag som upp gjennom saga hev vore avgjerande for den europeiske kul-

turen. Plata hev i alt 14 ulike spor, og titlane burde tala for seg sjølve: "Nicompolis 1396", "Vienne 1529", "Lepante 1571", "Vienne 1683" og so burtetter.

For dei som treng å friska upp att historiekunnskapen og samstundes vil lyda til frisk, franskspråkleg thrashmetal som berre vert betre og betre for kvar gjennomhøyring, er "Saga guerriere" med Kampfbund høgst tilrådeleg.



## Patriotisk hip-hop: Dee Ex veit kva ho vil

Av Ornella Winter

Dee Exx,  
"Ich weiss...",  
Schild Verlag,  
2012.

Patriotisk rap og hip-hop breider um seg i Europa, som me millom anna hugsar frå Målmannen nr 1 2011 der me tok fyre oss den franske artisten Goldofaf. Denne gongen tek me turen til Tyskland der Dee Ex er i vinden med plata "Ich weiss...". Dee Ex hev sidan 2008 vore verksam på nettet der ho jamt og trutt hev posta nye videoar på musikkbloggen sin, [de3xmusik.wordpress.com/](http://de3xmusik.wordpress.com/). Når ho i februar 2012 kom med den fyrste fullengds-CD'en sin, var det soleides på høg tid.

Dee Ex vil ikkje setja seg sjølv korkje til høgre eller vinstre i politikken, men nøgjer

med å kalla musikken sin som "patriotisk rap" og seg sjølv som "samfundskritisk kunstnarinne". Ho hev valt hip-hop som ytringsform både av di ho då kann nå fleire lydarar enn det som ein elles når ut til med nasjonal musikk, og av di hop-hop med si frie og tekstbundne oppbygging gjev betre høve til å leggja fram idear og innfløkte tankeføringar enn det som er let seg gjera med hevdvunnen musikk. I dei oppglødde tekstene sine tek ho fyre seg tema som millom anna globalisering, innvandringspørsmål, ytringsfridom, tysk skuldultur og undertrykt nasjonalkjensle.

Millom høgdepunkti på plata finn ein låtene "Europa der Vaterländer", "Frei geboren", "Skandaal! Ich liebe mein Land" og "An einem fernen Morgen".



So godt som alle songane hennar hev ho frå fyrr av presentert med videoar på Youtube, so dei som vil ha smakebitar på musikken hennar veit kvar dei kann leita.

## Ullr, himmelfaderen, og Njarthar, jordmori

Av Runahild Haleygir

I byrjingi fanst det einast eld og is. Når eld og is møttest, skapte dei dei fyrste 11 elvane som er kjende som Eliwagar, alle frå den same brunnen som er kalla Hvergelmir. Frå dette punktet av tok livet til, jordi vart skapa, og likeins stjernone, soli og månen. Og snart plantar, livende, dyr og sistpå menneske dukka upp. Ei verd smidd i is og eld, dei tvo fyrste grunnemni som styrer allheimen.

Nett som med kinesiske Ying og Yang, so hev me i nord eit sinnbilete som vert kalla Irmin, som målber dei tvo motsette og utfyllande kreftene åt is og eld, jord og luft, negativ og positiv, kvinneleg og mannleg, myrker og ljøs... Denne motsetnaden var den høgaste grunnsetningi, og visdomen attum den er at ingen er utan det andre, og at dei treng einannan for å kunna skapa jamvekt. Allheimen hev lover som gjeng yver alt anna. Is og eld kvar for seg hadde aldri havt høve til å skapa liv, um dei ikkje var i lag. Kvar for seg kunde dei einast øydeleggja og føra kaos med seg, elden hadde brent upp alt og isen hadde frose. ned alt. Men det er millom desse tvo verdene at fjelli kann vakna upp til ein grøn vår der me hev havt høve til å livnæra oss av jordi. Naturo gjev oss alt det me treng: frukt, bær og grønnsaker, dyr til å jaga i skogen, fisk i elvane, innsjøane og fjordane, og tusundtals plantar i krattskogen som me kann nytta til å lækja oss sjølve eller berre halda oss sunne og sterke. Men me treng alle både is (vatn) og eld (soli) for å liva, so vel som me alle treng både jord og luft.

Forfedrane våre skyna at i allheimen finn ein vatn einast i form av is, berre på sume heilt serskilde planetar i solsystemet kann du finna vatn i flytande form, takk vere den rett jamvekta millom is og eld.

I samsvar med den forståingi dei hadde um tvo høge prinsipp um is og eld, kann dei eldgamle nordiske folki ha havt tvo høge guddomar, og det samstundes med at dei dyrka mange andre ånder som dei rekna for å vera på eit anna høgdesteg, slik som hamingja (huslydsåndi), alvane, åndi som liver i trei, i fjelli, i innsjøane, steinane og sume serskilde stader i naturi med serskilde energjar.

I Noreg er det tvo gudenamn som dukkar upp meir enn andre, desse er Ullr og Njarthar. Det høge talet på stader som er tileigna dei syner kor viktuge dei plar vera, for sovorne namn syner at ein heilag stad var eigna åt deim.

Me veit at Thor og Odin kom nordetter under folkevandringstidi, då Europa var i krig



*Ullr er knytt til nordljuset som målber dansen åt forfedrane våre under den lange vetteren, og Njarthar er knytt til månen og den feminine spiritualiteten åt "formødrane" våre.*

og kaos, og folk frå til dømes Hellas og Tyskland flykta nordetter for å få fred. Desse folki tok med seg sitt eige tanke sett, filosofi og truddomsform, og den var merkt av krig og ei sterk krigarånd, takk vere livet dei hadde levt og det livssynet dei hadde. På lag i den same tidbolken var kristendomen på framveg. Kristendomen var framfor alt ei politisk rørsle med fyremål å få makt og kontroll yver fleire og fleire folk og land, og den fann langsamt vegen mot Norden, og der vatna han seg ihop med dei gamle heidenske tankane på vegen - fyre han freista å knusa deim med makt, og på den måten tvinga på oss ein ny religiøs oppbygning som var heilt ukjend og unaturleg for oss.

Når desse folki kom til Noreg, møtte dei eit sers fredfullt samfund, der folk jamt og samt godtok kvarandre, arbeidde hardt, bygde sine eigne gardsbruk og livnærde seg av jordi. Det som dei hausta, det hausta dei sjølve med sine eigne hender - idear um slavehald var framleis heilt ukjend for mange. Folki i nord hadde rimelege sedvanar som i mange høve sette fridomen og rettferdi høgt. Dei hadde kongar for å halda orden, måvita, men um ein konge vart rekna for å vera ein dårleg konge, so kunde han verta avsett, slik at ein ny konge kunde koma upp i staden. Dette var mykje nærare eit røyntleg folkestyre enn det skindemokratiet me hev i dag. Folk livde i småe bygder i dalane, millom fjell og fjordar, dei hjelpte einannan og dei skyna kor viktugt det var å standa saman, å verja seg sjølve, huslydane sine og krøteri sine, og å få hausta inn nok mat til alle, og so burtetter.

Men dei folki som kom vandrane frå sud hadde ikkje desse fredelege ideane, hugen deira var alt forgifta av måten dei hadde lært å liva på: Råda eller verta rådde yver. Slik skapte dei ein stor kulturell og åndeleg samanstøyt.

Ein gud som Ullr hadde ingi tilknytning til krig, sidan krig ikkje fanst i det gamle nordiske samfundet. Ullr, som Njarthar, var baa vaner, dei er knytte til fræve, gardsdrift, natur og kjærleik.

Men når dei nordiske folki møtte folk som berre tok gardane deira, med vald, som valdtok kvinnone deira og stal frå dei, so fekk dei med bruk for slike gudar som æsene er, knytte til makt og krig. Dette er gudar som kunde målbera illsinnet deira, som dei kunde spyrja um meir makt til å yvervinna andre, og det er difor ikkje nokor yverraskning at Wotan var til Odin, at Donar vart til Tor, og at Tor vart den høgaste guden i Norden i ei tid då illsinne og krigarånd var naudsynt for å slåst mot inntrengjarane og for å stå i mot påverknaden frå kristendomen som trengde seg djupare og djupare inn.

Men dei vilde ogso bringa vidare dei gamle verdiane åt dei gamle høgste gudane, og taka desse med seg inn i dei nye. Odin og Tor tok difor yver mange av eigenskapane til Ullr, og enda med å skifta honom ut heilt.

Når det gjeld gudinna Njarthar, so vart ho med burte etter denne kulturelle og åndelege samanstøyten. Njarthar er modergudinna, ho er det nordiske motstykkjet til germanske Nerthus. I eit samfund som er vorte meir mannlegt og der kvinnor vert rekna som mindre og mindre viktuge, so fær dette verknader for den åndelege verdi med. Gudar vert sette yver gudinnor, med di den åndelege verdi speglar av den jordiske verdi.

Njord skifte ut Njarthar, og i dag er dei fleste samde i at stader som hev fenge namn etter Njarthar faktisk er meint å vera tileigna Njord. Det same hende med Frey og Freya, mot slutten av vikingtidi. Frey vart då rekna som den viktugaste, og hadde ei av statuene i tempelet i Uppsala (Sverige) i lag med Tor og Odin.

I Norden er vanegudane eldre enn æsene. Når æsene kom var det verkelegt ein kamp millom dei tvo guddefamiliane, ein kamp millom den gamle trui og den nye som var i framvokster, ein kamp millom det gamle livesettet og det nye som tvinga seg fram, med den utkoma av vanene vart ein part av æsene, og at æsene styrde yver eit samfund i endring. Ein gong gardbrukarar, no krigarar.

*Runahild Haleygir er kunstnarnamnet åt artisten attum folkemusikkgruppa Eliwagar (sjå intervju i nummer 3/2011), no i vår atter plateaktuell med albumet "Fra hjertet av Norden". Plata kann tingast på <http://www.eliwagar.no>.*



2012

Av Torwin v. Runenfrost

Torwin v. Runenfrost er kunstnarnamnet åt ein allsidig musikar og forfattar frå Odenwald i Hessen.

Den nye tidsalderen tek til etter verdens undergang, kalla Ragnarok. Den gamle verdi åt menneski, det som var Midgard, gjeng då under.

Men slik kann det ikkje vera, at livet ikkje skal ganga vidare, og so vert det ikkje helder. I staden skal manneætti verta atterfødd, reinvaska frå all skuld og soning.


Til vettersolvendingi i år 2012 kjem soli til å standa i sidelægje med det som vert ekvator i vetterbrauti (mjølkevegen).

Den staden der soli møter vetterbrauti er i den "døkke klufti" i vetterbrauti, bygd upp av interstellare dustskyer. Denne ovringi kann ein sjå med egne auge i kvar ei klår sumarnatt, utanum i opplyste storbyar.

Når det skymest til vintersolvende i 2012, kjem soli til å vera beint i denne døkke klufti, og då slik oppsett at Vetterbrauti femner um heile yttersynet.

Dimed kann me segja at Vetterbrauti "sit" på jordi, røyver henne på alle punkt og opnar, etter det Maya-mytologien fortel, ein kosmisk "himmelstorm". Dei galaktiske og dei solare umkvervi kjem i sidelægje med einannan.

Etter det maya-mytologien fortel, skil vintersolvendet seg på ein guddom, One Hunahpu, kjend som den Fyrste Fadaren. Han er vel til å jamføra med Wotan i den germanske religionen, for her med vert jolefesten (vintersolvendet) tilskrive Allfaderen. Den heilage boki åt mayaene, Popol Vuh, fortel at den fyrste faderen skal verta atterfødd, og so tek ein ny verdstidsalder til. Balder med, sonen til Woltan, han som yverlever Ragnarok, stend i samband med den nye soli og



*Er me på veg mot ein ny tidsalder? Torwin v. Runenfrost meiner det.*

våren.

Den døkke klufti hev mange mytologiske tydingar: Veggen til underverdi; Munnen åt eit kosmisk monster; Fødselskanalen åt den kosmiske moderi, som ved sidelægjet råkar på den fyrste fadaren.

Nett ved dette tidspunktet endar rundgangen åt maya-kalendaren.

At so mykje skulde stemma på ein gong, syner berre at dei gamle mayaene kjende til dette sidelægjet, og at dei rekna det for å vera eit viktugt yvergangspunkt: Yvergangen til ein ny verdstidsalder.

I mytologisk målføring er ei sovori hending eit bilæte på sameiningi millom den fyrste fadaren og den kosmiske moderi - eller meir noggrant sagt, fødselen åt den fyrste fadaren (Buri eller soli ved vintersolvendet) gjennom den kosmiske moderi (Audhumbla eller den døkke klufti i Vetterbrauti).

Dei gamle mayane kunde slå fast at soli ved vettersolvendet langsamt flytjer seg i retning mot Vetterbrauti. Tvo store

punkt på himmelen flytjer seg mot einannan, for ein sjeldan gong å sameinast.

Maya-kalendaren hev noggrant lagt inn kva tid dette hender - og det tyder meir enn berre byrjingi på eit nytt solår.

Det tyder byrjingi på ein ny, stor syklus i tidsrekningi, ei nystelling av dei store himmelske stjerneuret - og kanskje, eit nytt umkverve i naturen åt det menneskelege medvitet og den menneskelege sivilisasjonen.

Etter det maya-kalendaren fortel, liver me i dag i ei endetid. Den store syklusen åt mayakalendaren endar med vettersolkvervingi i 2012.

Etter konseptet åt mayaene um rundgangar og tidsyvergangar, so tyder denne slutten samstundes ei nybyrjing. Ved enden av kvar tidsalter stend det ei atterføding.

*[Referansane i teksten til maya-mytologi byggjer på skriftene åt ein av dei leidande maya-forskarane, britiske Major Jenkins].*



**NYNORSK**  
**ANTIQUARIAT**  
www.nynorskantikvariat.no



**Nynorsk Antikvariat AS**

Hulgata 11

4900 Tvedestrand

**Telefon** 37 16 66 66

**E-post:** [tinging@nynorskantikvariat.no](mailto:tinging@nynorskantikvariat.no)

**Antikvariatsbokhandlar**

**Arne-Ivar Kjerland**

**E-post:** [Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no](mailto:Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no)

**Mobil:** 928 29 098



## Herakles og Cuchullain: Tvo indoeuropeiske heltar

Av Stig Andresen

«What good is it to have illustrious fame for a day and a night unless famous tales of my exploits live after me?» (Cuchullain)

I dette stykket skal eg sjå nærare på heltar i indoeuropeisk sedhevd, ved å sjå på tvo målsmenn for nettopp denne sedhevd: den irsk-keltiske Cuchullain og den greske Herakles. Forskingarven er rik innanfor emnet, heilt frå Thomas Carlyle på tidleg 1800-tal med sine tankar um heltar som «store menn» som driv soga fram gjennom medvitne handlingar, vidare til den Frazer-inspirerte lord Raglan med sitt «progressive» religionssyn, psykoanalytikaren Rank sine arbeid, jungianarane Jung og Campbell med sine arketypar og kanskje meir nyleg Dumézil og Puhvel som set søkjeljos på samanlikningar. Denne artikkelen kjem til å liggja mest i den sistnemnde leidi, for når ein samanliknar vert det ofte lettare å sjå mynster innanfor emnet. På gresk heite r det til dømes «hero» og på gælisk «laoch»: på norsk kjenner me denne skapningen som «helt». Kva kjenneteiknar denne helten i indoeuropeisk sedhevd? Og er det drag ved honom (for det er oftast ein «han»), som gjeng att i dei ulike greinene som formar det indoeuropeiske «trete»? Noko skil han frå vanlege menneskje, og gudar like eins, og i denne artikkelen skal ulike sidor ved desse helteaspekti takast upp.

### Den greske «héroen» og hero-kulti

Det fins eit grenseland lengje før ein kjem upp på nivået til dei olympiske gudar, der det helder vankar andre skapningar av eit anna slag status og form. Um ein tenkjer seg at ein hev dei vanlege menneskji på bakkenivået, gjeng det ein stige upp mot dei høgare lagi (sjølv um grensene ofte var uklære, skiftande og yverlappande). Yver desse «vanlege menneskji», men like fullt under gudane, kunde ein finna «héroar», slik dei vart kalla av dei gamle grekarane. «Hero» tyder «herre» elder «helt» på norsk. Det er funne fleire prov som tyder på at herokultusen er sers gamal i Hellas, blant anna hev ein funne heltegraver frå seinast år 1200 før vår tidsrekning som hev vore nytta for heltedyrking minst fram til år 500 före vår tidsrekning.

Ein hero er eit fortidsmenneskje, eit menneskje som hev utført ei stordåd; gjort ein minneverdig innsats av noko slag. Sjølv um det til skiftande tider var ulike «krav» for å bli sett på som ein helt, kunde sume ved å falla i strid for fedrelandet verta upphøgja til ein av desse heroane. Desse heroane vart gjorde til objekt for dyrking og kultus. At helten sitt minne vart halde i hevd ved tilbeding og dyrking var noko helten hadde sams med døde medlemmer av

huslyden, men skilnaden låg i sjølv krafti åt den som vart dyrka. Aristoteles skreiv etter Leo Hjortsø at «Vi mener ikke bare at de døde er salige og lykkelige, men også at de nå er blitt bedre og mektigere, og vi anser det derfor for en helligbrøde å tale usannferdig og nedsettende om dem» (Hjortsø, 1998:220).

Det var ulike former for heltar, og moderne forskning hev laga ulike båsår å setja dei inn i. Millom anna kunde ein finna heroar som er skipa til etter rang, altså heltar som hadde vorte dyrka so lengje at dei vart rekna som heroar i kraft av å vera alderdomlege skapningar. Vidare hev ein «degraderte» gudar, altså gudar som ikkje lengjer var i framgrunnen elder hadde mange nok tilbedarar til at det var verd å nemna, og slik fall dei delvis i gløymsla og difor «enda dei upp» som heroar. Fleire andre slag heltar fins óg, til dømes halvgudar (som denne artikkelen i hovudsak dreiar seg um), delvis frå mytologien og delvis frå soga (i den grad eit slik skilje kann segjast å vera nyttig å operera med i eit integralt tradisjonelt samfund av det slaget Oldtidi var prega av).

Det er likevel eit veldig klårt teikn ein ofta kan nytta når ein søkjer etter det eigentlege vesenet åt ein helt elder gud, og det er det viset han vart dyrka på. Det gjeng nemleg eit skilje millom herodyrkingi og gudedyrkingi i offerseremonien: heroen vart berre dyrka ved gravi si. No kunde det, slik me skal sjå, vera visse einskildlekkar som vanskeleggjorde denne skilnaden i dyrkingsmåten, jamvel um skiljet i dyrkingsmåte reint teoretisk sett er lett å halda seg til. Det var nemleg ikkje uvanleg at fleire stadeigne samfunn, byar og stammar gjorde krav på helten, og hevda at dei visste plasseringi åt den aktuelle gravi, og difor var dei dei rettkomme innehavarane av den sanne heltetilbedingi. Det var óg eit anna skilje millom «vanleg» tilbeding ved gravi retta mot forfedrar og den retta mot heroane: den «vanlege» gravtilbedingi kunde til tider enda upp i å verta både yverdådig og kostesam i formi, sumtid i so stor grad at staten greip inn for å dempa tilbedingi, men det skjedde aldri med herotilbedingi at nokon freista å leggja ein dempar på den (ibid.).

Sjølv offerritualet hadde ulike former utifrå kva slag hero som låg i gravi, men var det ein «menneskjeleg» helt, so var det ikkje det sedvanlege brennofferet ein nytta åt gudane - det som blei brukt i heltegravdyrkingi. I staden hadde ein laga til ei grop ned i gravi som skulde nyttast serskilt i høve ofringi. Der gudane stort sett gjennom brannofferet fekk det dei kravde, fekk offer-

tilbedingi eit anna sett å ofra på. Ein heldt hovudet på dyret som skulde ofrast yver det aktuelle ofringsholet i jordi, og kappa so halsen på dyret slik at blod fløynde ned i holet i moldi. I motsetnad lyfte ein dyret som skulde ofrast til dei høgare ikkje-ktoniske makter upp frå marki og drog nakken på dyret bakyver slik at hovudet vende upp mot skyene. Ofring i form av frukt og klede lagt på herogravi hev óg bore til. I tillegg skulde heroen få sitt bad, og for å sikra dette hadde ein stelt upp svære terakottaar med vatn. dei kunde ein kunde til å hella vatn på gravi elder å vaska gravstaden slik at dette i ritualet tok helten sin stad under vasken. Heile familiar kunde halda eit rituell fellesmåltid på gravi åt helten, for slik å dyrka honom (Kerényi, 1959:5-6, Hjortsø, 1998:221).

Sjølv gudealteri, «bomós», var høge og til vanleg sett saman av murstein med ein grunnmur ein kunde ganga upp på. I motsetnad til desse so var heroalteri, «eskára», låge, runde og nære jordi der helten låg. Ein annan skilnad låg i at ein stort sett kun dyrka helten éin dag i året, sannsynlegvis den dagen ein rekna med at han døydde, i motsetnad til gudedyrkingi som stort sett var ei mykje vanlegare ovring. Ein kannhenda tenkja seg kvifor ei slik heltedyrking var sopass utbreidd når ein ser den beinkløyvde «nærleiken» heltane hadde til dei fjerne olympiske gudane. Helten hadde ei grav ein kunde vija og den låg i nært i kringværet til heltens upphav, medan ein ikkje fann på å freista vitja dei olympiske gudane på den fjerne tåkelagde tilhaldsstad en deira um ein hadde livet kjært. Medan dei «generelle» heltane i teorien kun verka frå gravi, so kunde gudane verka der dei vilde. Ein kann måhenda tala um ein føregjengar for den seinare katolske helgen- og relikviekultusen som skulde prega mange av dei same umrådi ein del år seinare. Ein annan jamlikskap til katolisismen er orakelet i Delfi som hadde ei paveliknande rolle når det galdt å stadfesta elder avsanna eventuelle «heltevesen», noko orakelet stort sett var positivt til å gjera (Kerényi, 1959:5-6.).

### Den keltiske (irske) helten og samfunnet kring honom

I motsetnad til at ein skildrar allslags einskildhøve ein hev av gresk religion og alt det omfattande tilfanget som hellenistar hev samla inn sett saman og gjeve ut i tallause bøker og avhandlingar i fleire hundrad år, er det derimot sers lite ein veit um keltisk religion og alle avbrigde ved den, slik han vart uttydt og utøvt. «The tradition has also probably lost many

myths which, though they may have been of great importance in the living religion, did not make good stories when divorced from the rites. A religion tradition consists of a ritual and an art as well as a mythology, and each of these components is intelligible in terms of the others. [...] Such participation in the old Celtic tradition is no longer possible» (Rees & Rees, 1989:25). Med andre ord er det problematisk å grava i det kultiske materialet med tanke på keltisk religion, då det i motsetnad til i til dømes gresk religionsutøving berre er teke vare på magre restar. Keltarane kom tidleg til Europa, men historiske skifte skulde føra dei til å verta gradvis pressa ut i det meir perifere Europa, før dei til slutt enda opp som «marginale» folkeslag i kyststrok og på øyar, til dømes Irland, Wales og Cornwall. Der eingong keltiske språk prega store delar av Europa (til og med langt utanfor Europa inn i dagsens Tyrkien), vart desse tungemåli etterkvart hardt pressa millom anna frå dei ekspansive germanske og latinske tungemåli. Det tabuet, elder «geiss» som det heitte på keltisk, som herska mot å skriva ned lærdom, i motsetnad til det å læra burt gjennom tale, gjer sitt til at forskarane i dag må med Jaan Puhvel sine ord: «arduously forage for scraps of their early traditions» (Puhvel, 1987:167). Ein lyt difor leita i gudelæra og i restar av yverleverte søger sett gjennom kristne augo, for å få eit glimt av det fyrrikristne keltiske samfunnet. Eit samfunn som i sterkare grad enn dei kontinentale syskenborni hadde ivareteke kastesamfunnet ein kjenner frå det indoeuropeiske Indien, men i keltisk språkdrakt: «rig» (som me kjenner att frå indisk «rāj») altså konge, og «druid» på toppen (dei lærde kjem nok alltid til å stridast um kongen alltid låg på topp, um han eingong var både prest og konge, elder um presterollen hadde yvermakti frå fyrste stund, noko blant anna Dumézil hev skrivne mykje um i sine talrike verk), etterfylgt av «fláith» (krigarane) og til slutt «bó airig» (bønder). Det irske samfunnet var i lang tid prega av tallause hersetjingar, noko ein finn att i sogor um dei ulike folkeslagi som slik kom til den grøne øyi og sette sitt preg på «Eire» (ibid).

I likskap med det greske samfunnet, som me tala tidlegare, var det irske prega av heilage landskap. Ein veit etter måten lite um korleis folk utøvde religionen sin. Den tidlege kristningi av Irland, motstanden mot skrivekunsten i det fyrrikristne samfunnet, det barske verlaget og kannhenda plasseringi i Europa gjorde at ein ikkje ein gong fann restar av religiøs praksis. Det gjer ein derimot etter måten ofto i til dømes det gamle Romarriket og Hellas, der hev ein nokso godt yversyn yver restar av ymse slag religionsutøving, slik restar er vanskelege å gjera seg nytte av i forskning på

det keltiske samfunnet. Restar av den heimlege irske heltetradisjonen finn ein likevel i tanken um heilage landskap. Dette heilage landskapet var delt upp i fem, nettupp kalla «cóiced» (femdelar), og inneheldt Ulster i nord, Connaught i Vest, Munster i sud, Leinster i sudaust og i midten Mide med åsen Tara, rekna som midtpunktet i Irland. Tara var òg setet til «ardrí», altså høgkongen. Alle desse var attpå innehavarar av «hierarki innad i hierarkiet», slik det alltid var etter sedvanen i indoeuropeiske samfunn (men etterkvart i ulike grad), når alle hadde kvar sin konge, presteskap og so vidare. I tillegg var kvar del knytt saman med ei samfunnsgruppering me alt hev vist til, og dimed knytt til ymse sogekrisar i gudelæra (jamvel um det sjølvsagt ikkje var slik at til dømes den landskapsdelen som var knytt saman med presteskapet berre hadde prestar) (Rees & Rees, 1989: 140-41).

Provinen Ulster er ein utkant som er knytt til krigarar, og slik knyter denne nordlege landsdelen seg ihop med emnet vårt, nemleg ulike former for europeiske heltetradisjonar. Soga um Cuchullain (mange ulike skrivesett for dette namnet, eg kjem til å nytta denne som er den vanlegaste) som me skal læra å kjenna, høyrer til «the Ulster cycle», og gjeng fylgjestrengt nok føre seg i Ulster, den heilage krigarprovinen. Når ein tenkjer yver at dei ulike utkantane òg var knytte saman med ulike delar av kroppen i tillegg til ulike samfunnsgrupper, ser ein umrisset av både skikkar og eit samordna samfunn der samfunnsskipnaden, religion og geografi danna ein samanknytt heilskap, slik ein millom anna kjenner til frå India og meir dimt frå Hellas. Ein veit som eg nemnde lite um korleis religionsutøvingi falda seg ut i gamle Irland, men at heltedyrking spela ei viss rolle er godt mogeleg utifrå det ein kann skimta av ein stort religiøs oppbygning. Når ein ser at Ulster vart knytt saman med krigarar og soleis helta (som stort sett alltid var krigarar), so kann kannhenda søkja i gudelæra og finna restar av ei slik heltedyrking, um det enn vert dimme restar i høve til alt me veit um til dømes gresk religionsutfolding (ibid: 123-4, 131-4).

### Den mytologiske Herakles

Herakles-tilbedingi fylgde grekarane der dei reiste ut for å busetja seg er vel helder naturleg enn rart, men at tilbedingi skulde verta sopass utbreidd og strekkja seg so vidt i geografien er kannhenda ikkje so kjent. Ein hev funne prov for at Herakles hev vore mykje dyrka so langt vest som den liguriske Spanskekysten, og fleire stader i Italia. Med andre ord tok dei greske kolonistane med seg Herakles i sekken, då dei busette seg i middelhavsområdet. Farnell viser til at Aristoteles til og med hevda at

det fanst ein heilag «Herakles-veg» heilt frå Italia og ned til dei keltiske umrådi i Spania, og der var det strenge straffer for å skada reisande langs denne heilage vegen (Farnell, 1921:138-39). Likevel: «We have to accept him from very old times as an almost Panhellenic hero; and therefore the minute geographical survey of his cult and legend is not likely to have any great ethnologic value[...]» (ibid: 135). Det er med andre ord sannsynlegvis aldri noko beinveges svar å finna på kvar Herakles «kom» frå reint um ein tenkjer på kva folkeslag, men slik Farnell skriv hev det kannhenda ikkje so mykje å segja all den tid Herakles fekk rolla som «panhellensk helt».

«I shall sing of Zeus's son, Herakles, noblest of mortals, born at Thebes, city of lovely dances, of the union of Alkmene with Zeus, lord of dark clouds. In the past he wandered endlessly over the boundless earth and sea on missions ordered by lord Eurystheus, and he committed many reckless deeds and himself endured many. But now he joyously dwells in his beautiful abode on snowy Olympus with fair-ankled Hebe as his spouse. Hail, O lord and son of Zeus! Grant me virtue and happiness» (Homer, 2004:54).

Slik fær ein læra å kjenna Herakles i den homeriske høgsongen som vart tileigna honom. I likskap med ein del andre helta, hadde Herakles minst éin guddommeleg forelder. Far åt Herakles var den høgaste guden av dei alle i det olympiske hierarkiet: Zeus. Mange ulike sogor, mytar og hymner fanst og dei krinsa rundt Herakles, og utifrå desse kan ein skapa seg eit bilete av korleis den mytologiske Herakles var. Mori til Herakles var Alkmene, ei mykensk kongsdotter som alt var i eit nobelt giftarmål med ein annan hero: Amfitryon frå Teben, då Zeus blei forelska i henne avdi ho var so ovleg fager. Av di Alkmene alt var gift, laut Zeus ty til den kløkti han er vidkjend for. Amfitryon var ute i felten og var venta heim av si lengtande kona, difor skapa Zeus seg um til same hamen som Amfitryon. Han fór so og vitja kona «si», og lurde henne med i ekteskapsengji, der dei nytta notti godt. Zeus tykte sant og segja at dette var so triveleg at han gjorde notti tri gonger so lang som ho vanlegvis vilde ha vore, og då morgonen kom laut naturlegvis «Amfitryon» attende til slagmarki. Ørtullingi var nok etter måten stor hjå Alkmene då ektemannen kom på vitjing endå ein gong um kvelden, men ho klarde tydelegvis å spela godt nok yverraska til at denne ekte ektemannen òg vart verande heile notti i famnen hennar. Fylgja av det vart um ein skal tru på gudelæra tvillingar: ein av guddommeleg opphav og ein av nobelt, men menneskjeleg opphav. Herakles og Ifikles, skulde i same fylgd verta namni deira. Alt frå

første stund hata den guddommelege kona til Zeus: Hera, den nyfødde Herakles. Ho sende slangar for å ta livet av honom i vogga (han tok likevel snøgt livet av dei, av di han kvelde dei med dei kraftige nevane og svulmande musklane sine) i resten av livet hans på jordi skulde Hera òg jamnast setja hindringar i vegen for livet hans (Hjortsø, 1998:159-61).

Namnet hans i seg sjølv er det mange ulike tolkingar av, men at det hev noko form for samband til Hera er visst. Etter Dumézil kan namnet «Herakles» ikkje tyda nokon annan enn «He who owes his glory to Hera» (Dumézil, 1983:127). Med andre ord er det eit sterkt samband millom helten Herakles og gudinna Hera, trass i forteljingane i gudelæra hev stridane millom Herakles og Hera som ein raud tråd. Farnell tolkar dette i den leidi at den mytiske fiendskapen millom dei ikkje er noko opphavleg, men helder utfallet av røynelege stridar millom byane dei tvo var knytt til i det lekamelege Hellas. Farnell skriv: "We are entitled therefore to maintain that the legend of Hera's hostility is not an original fact, but may merely reflect the mythic enmity between Argos, her city whence he was driven, and Thebes, where he became indigenous" (Farnell, 1921:101). Herakles hadde nemleg ikkje ein motstandar til Hera detspeglar seg i tilbedingi av deim. Millom anna segjer sedhevd i at eit av templi til Hera i Sparta vart bygd av Herakles. I tillegg vart det i ein urgamal høg-song til Herakles som dei song i Teben lagt vikt på at Herakles i røyndi var son åt Zeus og Hera (ibid:100). No kan dette sjølvstyk tydst ut på fleire vis, men slik Farnell peikar på, kann det henda at dette var ein freistnad på å syna fram den formelle våpenkvilen og umfemningi millom Hera og Herakles etter at Herakles hadde kome til sitt olympiske domene etter dauden. Hera tok trass i alt Herakles til seg etter dauden um ein skal tru på den hevdsvunne soga, og då var det vanskeleg å få dette til å passa saman med nokon ævleg fiendskap dei imillom. At det i tillegg ikkje fanst spor av strid millom deim i den religiøse tilbedingi gjorde nok sitt til at motsetnaden ikkje vanskeleg lét seg forklåra med å visa til gudelæra.

Andre umtalar av Herakles i dei tvo homeriske hovudbøkene, «Iliaden» og «Odysseen», finst òg, millom anna finn ein eit møte i Odysseen, dette møtet er millom tvo heltar, den eine hev jamvel ein gildare far enn den hin: «[...] da han var kommet som gjest til den veldige kjempe Herakles, Allfaders sønn, som øvet så mangt et navngjetent storverk. Ti skjønt han var der som gjest, slo han droten i hjel i sin bolig grusomt og uten å frykte for gudenes hevn eller akte bordet han selv satte for ham. Han drepte ham selv, og på borgen

holdt han tilbake som sine hans flokk sterkhovete hopper» (Odysseen, 21: 24-30). Her møter ein ei sida ved Herakles som kannhenda kunde minna um dei meir tvtydige norrøne sagaheltane: den ustabile og valdelege helten utan klåre godviljuge drag, snarare tvert imot. Helten som korkje aktar seg for gudar, samfunnsskipnaden elder etisk åtferd. Når han slær i hel sin eigen kongelege vert(!), vert Herakles her nærast som ei kaosovring å rekna. Etter Galinsky kan det henda at «mangt et namngjete storverk» var skrive i ein nærsagt hædande tone, og dette er etter same forfattar: «[...] one of the most devastating indictments of Herakles in literature, exceeded only by Sophocles and the shrill bias of the church fathers [...]» (Galinsky, 1972:11-12). Eit aspekt ved dette er at alt då desse homeriske verki kom til, kunde ein tydelegvis rekna med at tilhøyrarane kjende so godt til Herakles og hans verk at ein kunde nemna dei i ein hædande tone utan nokor nærare forklåring. Det segjer ein heil del um at Herakles-mytane hadde ein eldgamal påverknad innanfor gresk kultur.

#### Den mytologiske Cuchullain

Um kva folkeslag som var opphavet til Cuchullain, er det skrive og tenkt mykje, men éin teori gjeng ut på at sidan han fyrst var fødd med namnet Sétanta, kunde det tyda på at han kom frå stamma Setantii som hadde tilhaldsstad millom dagens Liverpool og Preston, nær Irskesjøen.

Andre hev hevda at han var av piktisk opphav, also frå det pre-indoeuropeiske folket piktaranane som vert rekna som urinnbyggjarane på dei britiske øyer (Smyth, 2005:3). Cuchullain vart i alle fall, slik soga segjer det, til etter at fleire bindeledd millom både menneskjelege og guddommelege rann saman. Kong Conchobar yver Ulster og hans krigaradel («Ulaid» var deira keltiske namn) var ute på tokt mot ein fugleflokk som åt upp alt av næring i utkanten, med på kongsvogni var ogso den gifteklare dotteri til kongen: Dechtine. Etter det vellukka toktet, tok dei inn ved ei hytta der dei fekk mat og tilhald, litt utpå kvelden, viste det seg at kona i huset var med barn. Dechtine hjelpte til med å få barnet til verdi, men då dei vakna neste dag var huset og dei som budde der burte, og dei var snart smitta av sjukdom, det barnet var att og fekk det likeins. Barnet døydde kort tid etter, men då Dechtine kom att frå gravferdi og skulde sløkkja tyrsten ved å drikka frå ein bronsevase, smatt ein liten skapning inn i munnhola hennar saman med vatnet og kvarv inn i lekamen hennar. Då ho sovna same notti, kom ein skapning i draumen hennar og fortalde henne at ho skulde føda ein fullkomen son som skulde heita Sétanta. Denne skapningen viste seg å vera guden Lug, som på

dette viset blanda det guddommelege blodet sitt med prinsessa sitt noble blod for å skapa Sétanta, elder «Cuchullain» som han skulde bli heitande etterkvart (ibid:6). Guden Lug var mest sannynleg guden som tilsvarte Appollon og Odin innanfor i same fylgd gresk og germansk gudelæra, og var både ein gud yver alle yrki i tillegg til at han millom anna hadde rolla som solgud (Rees & Rees, 1989:142-5).

Cuchullain vart sett burt til ein adelsfamilie, og voks snøgt upp til å bli ein umenneskjeleg bråvaksen krigar. Han nedkjempa ved eit høve hundrad og femti andre unge krigarar avdi han ikkje kjende skikk og bruk og kom i skade for å brjota av eit ballspel dei heldt på med (Smyth, 2005:10). Cuchullain lista seg ved eit anna høve etter «bestefar» sin, kong Conchobar, upp til hytta åt smeden Cualann, der kom han til å drepa den mannvonde hunden til den nemnde smeden av di ingen hadde varsla Cualann um at han kom, so hadde han ikkje teke inn hunden sin. Det var eit beist av ein hund, men seks år gamle Cuchullain kasta ballen han hadde teke med seg frå ballspelet tvers gjenom hunden frå munn til bakende, so hunden fall daud til marki. Cuchullain lovde deretter å bøta på dette med å halda ei vernande hand yver Ulster i teneste hjå smeden og umveges um folket i Ulster. Slik blei Sétanta umdøyppt til «Cuchullain», som på keltisk tyder «hunden til Cualann». Seinare same året blei det spådd av yvernaturlege vesen (um Cuchullain) at han «[...] will be famous and world-renowned, but will be short-lived» (ibid:14).

Åri gjekk forbi, og Cuchullain var med i mange stridsmål «for Irland», som det stend i soga. Han stridde ned mange motmenn, og vart etterkvart rekna som den fremste krigaren i heile Irland. Han flikra i lang tid med den fagre Emer, som gav han ei lang rad uløyselege oppdrag. Dei laut han fullføra innan ho vilde verta brur, i kjend mytisk stil, med tidi makta å løysa oppdragi. Han fekk etter eit litt utypisk sidesprang (kjærleiken til Emer var vidkjend) ein son med ei onnor kvinna, og gjenom ei liknande mistyding som den som hadde gjeve honom namnet sitt, enda Cuchullain upp med å taka livet av sin eigen son utan å oppdaga mistaket fyre det var for seint. Tilliks med far sin var denne sonen ein stor krigar trass i sine unge år, og ikkje fyrr enn Cuchullain nytta eit knep med det mystiske «lynvåpen» («gáe bulga») som han hadde fengje frå ljonguden Bulga, klarde han å få has på honom (ibid: 54-55).

Seinare i levetidi til Cuchullain skulde han hamna i sotteseng, og derifrå taka turen til frammande rike på «hi sida» av røyndi. «[...] the adventures worth recording are adventures in another 'dimension', and the only journeys of real significance are journeys between this

world and the world beyond» (Rees & Rees, 1989:297). Med andre ord skulde denne ferdi til ein onnor «rømd» vera den sida ved alle Cuchullain sine mange «eventyr» som verkeleg var noko å fortelja um, av di slike ferder kunde føra til både verdsleg og jordisk innsyn, det same ser ein i andre høve ved all den vikti slike sjamanistiske reiser hev i ulike former i sers mange religiøse sedvanar. På denne ferdi fær Cuchullain hopehav med «hekser» og andre skapningar fylde av vonde åndskrefter, og når han kjem att og vert «frisk», fortel han um ferdi i fleire lange dikt som i både form og innhald liknar sterkt på vår heimlege «Håvamål» (Smyth, 2005:64-6).

### Helten: gud elder menneskje?

Mange hev spurt seg um Herakles vart rekna som «guddom» elder som «menneskje» i det gamle Hellas, og noko klårt svar fins det kannhenda ikkje. Det er klære teikn som tyder på at utifrå stoda, tidbolken og kvar i den greske verdi ein stilte det spørsmålet, so var det fleire svar på nett det. Han kunde vera den nærsagt menneskjelege vandraren som var eigna seg til fyrebilete for unge menn som var stordomshuga, han kunde vera det legitimerande kongsemnet ein vilde syna slektskap med, elder han kunde vera den oppstigne gudehelten med tilhald ved den fjerne Olympen. I likskap med dette (men diverre som nærsagt alltid når det gjeld keltisk religion

kjenner ein mindre til handfaste kjensgjerningar, og då vert det mest slutningar via anten yverleverte sogor elder gjenom andre folkeslag som fortel um keltarane), slik ser ein klære teikn på den store rolla keltiske heltar hadde i eit samfunn so prega av krig og umskifte som det keltiske. Eit teikn på dette er den vikti som heile vegen vert lagt på heilage tal, både i keltisk og gresk tradisjon. «*Mythical persons wore fivefold cloaks, and CúChulainn had five wheels on his shield, which is particularly noteworthy when we remember that Achilles' shield was made in five layers and that the shields representing the cosmos were widespread in the iconography of the ancient world*» (Rees & Rees, 1989:189). Når ein då set dette i samband md den heilage landkunna som me såg på tidlegare i artikkelen, der kvar landsdel svarde til både ein kaste/stand, ein del av kroppen, ein del av gudelæra og slik fletta seg inn i den samanvovne sedhevd, ser ein fort umrisset av eit stort bilete der me berre fær sjå små deler av ein samansett heilskap.

No hadde både Herakles og Cuchullain sjølv sagt offisielt delvis guddommeleg opphav gjenom sine «biologiske» (i den grad ein kann nytta eit slikt ord når ein talar um gudar) fedrar: Zevs og Lug. I eit ættesamfunn like dei greske og keltiske var det fylgjestrengt nok lagt stor vikt på opphav, og her fylde både Herakles og Cuchullain rollen som son godt. «[...]Heracles' frequent mention is called for

because he lives up to the Greek ideal that the father's deeds and fame should live on in his descendants. Like Zeus, Heracles is a beneficent, regulatory force that fights against the disorderly and abnormal forces of a nature which is in the process of being formed» (Galinsky, 1972:16).

Slik sett er det lite tvil um at Herakles hadde gudeblod i seg, men det fanst mange døme i gudelæra på avkom åt gudane som var halvt menneskjelege og lite prega av «guddommelegdom». Det viktige her vert difor um Herakles hadde noko av det guddommelege i seg, noko som han kunde «nytt» seg av, elder um han helder nok var ein halvgud i namnet, men hadde lite å syna til når det galdt krefter han hadde ervt frå far sin. No kjenner ein frå mytologien godt til at Herakles fær guddommeleg hjelp frå ulike hald: millom anna gudinna Athene var ofte den som skulde gjeva honom det hjelpande «puffet» i sogone. Millom anna hjalpte Athene Herakles ved å umerka stø upp himmelkvelvingi for honom, då Herakles var i gong med å narra Atlas til å taka attende den tunge bori som hadde lege på hans oksler tidlegare (Hjortsø, 1998:167). Vidare fær han mest sannsynleg hjelp frå millom anna far sin: Zevs, i sine siste augneblikk på Jordi, noko me kjem attende til når me ser på Herakles' daud.

## Krimserien Tatort

Av Olav Torheim

I Noreg er dei fleste av oss godt kjende med krimserien Derrick, men kva med Tatort («Åstad»)?

Sume tykkjer kanskje det er ageleg nok at Derrick heldt det gåande frå 1974 til 1998, men Tatort hev som den eldste og mest umtykte krimserien i Tyskland vore på skjermen heile vegen frå 1970 og fram til i dag.

Dei gode og røyndomsnære sendingane hev gjeve serien ein påverknadskraft som fær alle ættleder til å fylgja med.

Visste ein ikkje betre, so skulde ein tru at ein 40 år gamal serie helst var for gamle folk og andre som ikkje hadde noko vitugt å taka seg til, men slik er det ikkje. Jamvel millom ungdomen er det vanlegt å møtast sundagskvelden for å sjå Tatort saman.

Kva er so løyndomen attum Tatort?

Det som hev gjort at serien hev kunna halda det gåande so lenge, er eit heilt sermerkt opplegg: Det gjeng på rundgang



millom dei regionale kringkastarane i Tyskland, og dessutan ORF i Austerrike og SF1 i Sveits, å verka til dei ulike episodane. Kvar kanal hev sitt eige spelag av skodespelarar. Den eine sundagen er det Südwestrundfunk sin kommisær Bootz som hev eit oppdrag han skal løysa, den neste sundagen er turen komen til Norddeutscher Rundfunk med kommisær Borowski, osv. På den måten kann skodespelarar upp gjenom åri langsamt skiftast ut med nye, utan at det

øydelegg for framhaldet i serien.

Sidan serien tok til er det den ein-skilde kommisæren som stend i sentrum for kvar av dei 90 minutt lange episodane. Det vert lagt vinn på at handlingi skal vera mest mogleg røyndomsnær. Både millommenneskelege tilhøve og gamle og nye samfundsspursmål vert gjerne tematiserte. Personmotsetnader, strid og mistru millom vener og familiemedlemer er ofte motiv for dei ulike brotsverki som lyt oppklårast. Likeins hev Tatort vore tidlegt ute med å popularisera brennande samfundsspursmål. På 1970-talet var den tyske kløyvingi i tvo statar eit tema som ofte gjekk att. I våre dagar kjem dei ofte inn på tema som innvandring og organisert kriminalitet.

For dei som ikkje kann få inn tysk fjernsyn: TV-serien Tatort hev heimesida på Internett, [www.daserste.de/tatort](http://www.daserste.de/tatort), og siste episode av serien er til kvar tid tilgjengeleg som livande bilætstraum i ARD sitt mediatek.

Returadresse  
L. B. Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 Laksevåg

B



ISSN-1503-2469

## 17 gjentor

Av Olav Torheim

Den franske filmen "17 filles" ("17 gjentor", 2011) tek fyre fyre seg eit år i livet åt 17 gjentor i byen Lorient i Bretagne i Frankrike, men med inngjevna frå verkelege hendingar ved ein vidargåande skule i sambandsstatane i 2008 - ei sak den gongen som skapte nyhendeuppslag yver heile verdi.



Tenåringsgjenta Camille finn ut at ho er umhender. Ho ynskjer å halda på barnet sitt, men er redd for å verta sitjande åleine med andsvaret. Ho freistar difor yvertyda dei hine gjentone i klassen um at dei skal gjera det same, og so kann dei alle vera saman um svangerskap og barneuppseding.

Dei hine gjentone er naturleg nok mistrugne til dette, men Florence, som aldri heilt hev funne sin plass i gjengen, tek poenget med ein gong. Ikkje lenge etterpå kann ho fortelja at ho med er med barn. Og slik byrjar snøballen å rulla...

Stemmingi i byen dei bur i kann i sumt minna um den som me såg i den svenske ungdomsfilm "Fucking Åmål" - ein stad der lite eller ingenting skjer, og der ungdomen ikkje ser dei heilt store framtidsvonene i kvardagen. Nett difor vert ideen med å verta med barn saman til slutt til so stor kveik for dei unge gjentone. Dei vil riva seg lause frå det likesæle og livlause samfundet ikring dei, dei vil skapa eit nytt hopehav i lag der alle hjelper einannan og steller opp for einannan - og der det samstundes sviv um at kvar og ein skal få andsvaret for sitt eige vesle barn. Det er altså (1) ei lausriving frå storsamfundet, (2) eit kollektivt tiltak milom likesinna, og (3) eit personleg tiltak for kvar einskild.

Gjentone samrår seg ihuga um alt det

dei skal gjera saman når borni deira er komne til verdi. For sume av dei handlar det kannhenda um å gjeva barnet deira den barndomen dei aldri hadde sjølve?

Endå so stor eldhugen åt dei unge gjentone er: Attendeverknaden frå foreldri let ikkje til å venta på seg. Anten ser dei på det heile som ei ulukka - eller som handfaste tilflokjningar som må det må greidast opp med, det heiter i våre dagar abort. Men gjentone let seg ikkje rikka, det er dette dei vil.

Camille vert av foreldre og lærarar peika ut som den skuldige. Ho vert kalla inn på kontoret til yverlæraren, og lyt forklåra seg. Yverlæraren tek henne for seg og spyrr um ho hev gjort dette berre for å sleppa å vera åleine med graviditeten sin. Camille svarar at, ja, kannhenda det var slik heilt til å byrja med, men slik er det ikkje no lenger. No handlar det um noko meir.

For foreldregenerasjonen - 1968-generasjonen - handla kvinnefrigjering um fridom til å få seg ei god utdanning og eit godt arbeid. Og strevet for fri abort var ein strevnad um å få råda yver sin eigen kropp. Men dei 17 gjentone snur alt dette på hovudet. Dei vil nytta råderetten yver eigen kropp til å skapa noko verdfullt, skapa nytt liv! Og dei vil ha fridom, fridom til å *sleppa* å verta trykte inn i eit moderne A4-skjema der ein fyrst skal taka utdanning, fyrst få seg ein god jobb, og so -

kanskje - få seg ein familie.

Dei unge gjentone gjeng med liv og lyst inn for oppgåva: Dei tek svangerskapstest saman, dei gjeng på ultraljud saman, dei reiser på utfukter saman, dei gjer svangerskapsgymnastikk saman - og ei scena som vert serskilt gripande i seg sjølv er når dei høggravide leikar seg saman i badebassenget. Store og tunge som dei er vortne under svangerskapet, i bassenget kann dei enno vektlaust glida gjennom vatnet. Enno er alt berre draum og gleda...

Sume byrjar likevel å stella seg spursmålet um kvifor Florence ikkje er med i bassenget, eller kvifor ho aldri viser fram magen sin. Til slutt vert ho sett til veggs, og det syner seg til alle si store uppskaking at ho likevel ikkje er gravid. Ho hadde loge graviditeten på seg for å få vera med i gjengen. Men det stoggar ikkje der: Camille kjem ut for ei ulukka og misser barnet sitt. Dei tvo som sette det heile i gong er ute or bilatet.

På slutten av filmen vert me fortalde at 15 velskapte born kjem til verdi. Det vert likevel ikkje som dei hadde tenkt, fær me høyra, og ein skynar at dei som so mange andre må ha vorte henta inn av den harde røyndomen. Kor som er: Det at synkvervingane vert knuste når ein kjem til endskapen på filmen er ikkje det som vert sitjande att på netthinna åt sjåaren, det er det derimot bilæti frå vektlausgymnastikken i badebassenget som gjer. Som det vert sagt heilt til slutt, ingenting kann stogga ei gjenta som drøymer...

### Sluttordet:

*Dei viktugaste tingi som er vortne sagde åt manneçetti hev stødt vore dei mest einfelde.*

*Charles de Gaulle*

*Målmannen treng folk som skriv høgnorsk.  
Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*